



Høgskulen på Vestlandet

Masteroppgave

MACREL-OPG-OM-1-2022-HØST-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	01-11-2022 09:00	Termin:	2022 HØST
Sluttdato:	15-11-2022 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Masteroppgave		
Flowkode:	203 MACREL-OPG 1 OM-1 2022 HØST		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	310
--------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	25553
---------------	-------

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/uirksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei

INNHALD

1 INNLEIING	11
1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA	11
1.2 PROBLEMSTILLING OG FORSKINGSSPØRSMÅL	13
1.3 VAL AV METODE	13
2 TEORI	15
2.1 TIDLEGARE FORSKING KNYTT TIL DRAMATISK LEIK	15
2.1.1 DRAMATISK LEIK	16
2.2 TEORI OM LEIK FRÅ ANDRE FAG: LEIK I EIT UTROM I SKOGEN	20
2.2.1 DET TAKTILE I ELEMENTA VATN OG GJØRME	25
2.3 DRAMATISK LEIK	27
2.3.1 FIKSJON I ISCENESETJINGA AV BORNA SIN LEIK	27
2.3.2 LEIK MED KONKRETA	29
2.4 LITT OM DEWEY OG VYGOTSKIJ SINE LEIKETEORAR	30
3 METODE & DESIGN	32
3.1 INNLEIING	32
3.2 METODOLOGI	32
3.3 HERMENEUTISK SYN	33
3.4 FENOMENOLOGISK SYN	35
3.5 DATAINNSAMLINGSMETODE	36
3.5.1 VIDEOOBSERVASJON	36
3.5.2 KORLEIS INTERVJU FØREGJEKK	38
3.5.3 BARNESAMTALE	39
3.5.4 FORSKARLOGG OG MEMORISKRIVING	39
3.5.5 ETISKE VURDERINGAR	43
3.5.6 FORSKARBLIKKET	43
3.7 METODEREFLEKSJON	43
4 PRESENTASJON AV FUNN OG ANALYSE	45

4.1 OBSERVASJON OG ANALYSE AV BARNEHAGE 1 (B1)	45
4.1.1 BRUK AV ELEMENTA VATN OG GJØRMA	46
4.1.2 REFLEKSJON RUNDT FIKSJON I LEIK ÅLEINE OG I SAMPEL	54
4.1.3 OPPSUMMERANDE REFLEKSJON RUNDT DATAMATERIALET I B1	56
4.2 OBSERVASJON OG ANALYSE AV BARNEHAGE 2 (B2)	56
4.2.1 VATN SI ROLLE I DEN DRAMATISKE LEIKEN	57
4.2.2 VATNET SIN PÅVERKNAD PÅ DEN DRAMATISKE LEIKEN	60
4.2.3 UTFORSKING AV ELEMENTET GJØRMA	63
4.2.4 MED GJØRMA UNDER STØVLANE	64
4.2.5 REFLEKSJONAR OM VATNET I DEN DRAMATISKE LEIKEN	66
4.3 LEIK I UTROMMET	67
<u>5 AVRUNDING</u>	<u>69</u>
5.1 OPPSUMMERANDE OM EG SVARAR PÅ PROBLEMSTILLINGA	69
5.2 PÅLITELEGHEITA I STUDIA	71
5.3 KRITISK MERKNAD TIL EIGA FORSKING	72
5.4 STUDIA SIN RELEVANS	73
5.5 VIDARE FORSKING	73
<u>LITTERATURLISTE/KJELDER</u>	<u>75</u>

Forord

Eit ønske om å forstå korleis den dramatiske leiken utarta seg i eit utrom med tilgang på gjørme og vatn for dei eldste i barnehagen er drivkrafta bak denne studien.

Eg kan nesten ikkje forstå at arbeidet og levemåten dette prosjektet har medført nå er avslutta. Prosessen har våre spennande og lærerik.

Eg vil rette ein stor takk til borna, føresette og dei vaksne som har våre informantar i prosjektet.

Utan dei hadde ikkje denne studien vore mogleg. Eg vil og retta ein stor takk til min arbeidsplass som har vore imøtekommande, støttande og tolmodige med meg. Tidvis har eg måtte redusera stillinga mi for å kunna fokusera på forskinga. Kvar og ein av dykk har heia på meg, ein ekstra takk til Trine Hellesfjord for din fleksibilitet.

Takk til institusjonen Høgskulen på Vestlandet kor eg har vore masterstudent ved masterprogrammet MACREL. Eg vil og takke rettleiaren min Katrine Heggstad. Frå første stund så forstod du kva engasjement eg hadde for staden og elementa i denne skogen. Din kunnskap og oppmuntring gjennom prosessen har vore med på å gjere at eg kom i mål.

Tusen takk til mine to døtrer, svigerson og barnebarn som har vore tolmodige når eg har vore både fysisk og psykisk fråverande, når eg har vore i studiebobla. Eg vil og takka dykk for samtale, heiarop og oppmuntring rundt prosjektet mitt.

Eg vil og retta ei stor takk til alle mine venninner som har vore tolmodige med meg og ei ekstra takk til Mariann Steinsland for blommar og fine meldingar. Siv Grete Markhus tusen takk for alle helgane du har brukt for å lese korrektur.

Og sist men ikkje minst hjarteleg takk til Mamma. Du har heia på meg frå fyrste til siste setning i Masteroppgåva mi. Takk for vaflar, kaffi og alle godsakene du kom opp med på ungdomsrommet mitt. Takk for kost og losji under skrivinga. Vegen frå Sunnhordland til Sogn vart kort når eg visste at eg fekk eg ro til å skriva. Tusen millionar av takk mamma, du har eit hjarta av gull.

Abstract

The Framework Plan for the Norwegian Kindergartens (2017) states that the kindergarten shall contribute so that all children have equal opportunities to experiences of joy, humour, excitement, and commitment through play - alone and together with others. The kindergartens shall inspire children's play both indoors and outdoors. Research on dramatic play in kindergartens have mainly looked at play indoors. This research will investigate dramatic play at a site-specific place in the woods, where there is a stream of water that flows into a mud hole and on the other side of this mud hole the stream continues in the landscape. This site is also hilly. It challenges moving around, and on rainy days it has quite slippery, muddy slopes and dense vegetation.

I work as an educational leader in a municipal kindergarten. I have a special attachment to this place and use this space as an extended part of the kindergarten. The landscape stimulates versatile play. I link my connectedness to this place to my own childhood when I used to play in the puddle with mud and clay in the tracks from the big tractors, on the farm where I grew up. At the site-specific place there is little man-made toys, just a small section of buckets, spades, scoops and silicon muffin tins. The site has a started gapahuk and a mine to cook in.

This master thesis investigates children play at this site; and how does the element and the concretes play a role in their dramatic play. The research has a phenomenological-hermeneutical approach. Data is collected through video observation, interviews, and logs. The findings will be analysed and discussed with relevant theories from Drama and other research that focus on play in the outdoors. This study has collected a rich material. It finds that the children are drawn to the muddy area. The play activities are varied, they can be activities that relate to the outdoors; like fishing, checking the ice, digging holes, etc. But they can also be family play, café play and kitchen play. The children move between different play themes and play mates. Children and adults who are imaginative and enter the fictional frame bodily tends to inspire other children.

Samandrag

I Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017) står det at barnehagen skal bidra til at alle born kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik –åleine og saman med andre. Barnehagen skal inspirera til leik både inne og ute. Det er gjort ein rekkje studiar av dramatisk leik inne. Men kva med den dramatiske leiken ute i skogen? Innan dramaforskning er det førebels lite forskning på dette. I denne masteroppgåva vil eg studera borna sin dramatiske leik i og ved vatn ute i skogen. Forskinga vil då gå føre seg på eit utrom i skogen med tilgang på vatn. I dette utrommet er det ein bekk som renn ut i ei gjørmehola og på andre sida av denne gjørmehola fortsett bekken i landskapet. Borna omtala bekken som den vetle elva, eg vel derfor å kalla bekken elva i denne oppgåva. Denne staden byr på store kroppslege utfordringar då det er kupert, med glatte gjørmete skråningar og tett vegetasjon.

Eg arbeidar som pedagogisk leiar i ein kommunal barnehage, og er spesielt glad i dette utrommet då det gir moglegheit for allsidig leik. Ein annan grunn til at eg likar dette utrommet kan gjerne sporast til eigen barndom. Som lita jente likte eg å leika med leire, gjørme i sølepyttane som vaks fram i store traktorspor på garden der eg vaks opp.

På staden er det lite menneskeskapte leiker; berre eit lite utval av bøtter, spadar, ause og silikon muffinsformer. Staden har og ein på begynt gapahuk og ei gruva til å laga mat i.

I masteroppgåva undersøker eg korleis borna leiker i dette utrommet og korleis vatn i ulike former er med å forma den dramatiske leiken til borna. Problemstillinga er knytt til å undersøka born sin dramatiske leik. Fokuset er på korleis borna leikar på staden og korleis dei tek elementa med seg inn i den dramatiske leiken. For å svara på problemstillinga nyttar eg ei kvalitativ kasusstudie med ei fenomenologisk og hermeneutisk tolkande form. Datamaterialet er samla gjennom videoobservasjon, intervju og logg. Funna vert analysert og drøfta opp mot relevant dramafagleg litteratur samt andre kjelder som er knytt til leik i naturen som eg finn relevant for denne oppgåva.

Denne studien har samla eit rikt materiale og finn at borna oppsøker vatnet og tek i bruk gjørma og dei konkretar som er på plassen. Leikaktivitetane varierer, det kan både vere aktivitetar som relaterer til utrommet; som fising, det å sjekke om isen er trygg, det å grave hol i isen osv. Men borna kan også leika familieleik, kaféleik og kjøkkenleik. Borna beveger seg mellom ulike leiketema og leikkameratar. Born og vaksne som har god fantasi og som går kroppsleg inn i fiksjonen, ser ut til å inspirere andre born inn i leiken.



FIGUR 1 GJØRMEHOLA



FIGUR 2 DEN VETLE FROSNE ELVA SOM ER EIT UTLØP FRÅ BILDE 1

Oppbygging av oppgåva

Kapittel 1: I denne delen av oppgåva vil eg presentera mine val og min faglege bakgrunn. Vidare vert tidelegare forskning som er naudsynt for mi masteroppgåve presentert før eg gjer greie for problemstillinga og forskingsspørsmåla. I masteroppgåva vil eg synleggjere korleis borna si dramatiske leik på denne plassen kjem til uttrykk; korleis dei etablerer fiksjonelle rom, rollar og handling i iscenesetjinga av fiksjonen; og korleis dei bruker vatnet inn i den dramatiske leiken og korleis fiksjonen kjem til syne i iscenesetjinga av den. Forskinga går føre seg med to ulike barnehagar som informantar, ein naturbarnehage og ein kommunal barnehage. Den eine barnehagen kjenner staden godt og den andre barnehagen måtte bli kjent med utrommet.

Kapittel 2: I dette kapittelet vil eg legge fram design og metodar for denne forskinga. Det vert nytta ein kvalitativ kassstudie, med eit fenomenologisk og hermeneutisk blick for å tolke mine funn. Det vert nytta ein triangulær måte å hente inn data på i samarbeid med barnehagefeltet. I den triangulære prosessen vert det brukt videoobservasjon, forskarlogg, memoriskrivning, semi-strukturert intervju og barnesamtale. Barnesamtale vert nytta etter at borna får sjå ein redigert videosnutt av leiken dei leika på utrommet i skogen.

Kapittel 3: I denne delen vert det informert om teori knytt opp til dramatisk leik og leiketeoriar for dei eldste borna i barnehagen. Teoriar på kvifor det er viktig å leika ute i skogen er relevant, i tillegg til teoriar om dramatisk leik og leik generelt. Her vil Faith Gabrielle Guss og Kari Mjaaland Heggstad sine studiar av dramatisk leik vere sentrale kjelder, mens Ingunn Fjørtoft, Merete Lund Fasting og Tone Reitan blir hovudkjelder knytt til leik i utrommet.

Kapittel 4: I dette kapittelet vert funna drøfta i lys av teori og tidelegare forskning. Analysen vil først presentera og drøfte funn frå barnehage 1 (B1), deretter vert tilsvarande gjort med barnehage 2 (B2). Etterpå vil det verte trekt nokre trådar frå analysa og drøftinga av dei to barnehagane.

Kapittel 5: Oppgåva rundast av med ei oppsummering av forskinga, med tanke på om forskinga har svara på problemstillinga og kva som kan vere spennande å undersøkje vidare i ei ny forsking.

- Vedlegg:**
1. Godkjenning frå NSD
 2. Informert samtykkeskjema barn
 3. Informert samtykkeskjema voksen
 4. Intervjuguide
 5. Bilete



**FIGUR 3 BORNA SANKAR
VATTEN OG GJØRME**

1 Innleiing

Målet mitt for denne masteroppgåva, heretter kalla oppgåva, er å studera korleis dei eldste barnehageborna leikar på eit spesifikt utrom i skogen. Eg har ein stor kjærleik for staden, men det er ikkje det som er grunnen for denne studien. Orsaka er at eg har lagt merke til at borna leikar på ein annan måte på dette utrommet enn dei gjer andre stader. I oppgåva vil eg sjå nærare på kva det er som skjer i den dramatiske leiken og om mediet vatn kan vera ei mogleg orsak. Eg vil skrive bakgrunn for val av tema før eg presenterer tidelegare forskning, problemstilling og metode, samt oppgåva si vidare struktur.

1.1 Bakgrunn for val av tema

Etter nesten 20 år som pedagogisk leiar har eg lang erfaring i barnehagefeltet. Leiken har alltid vore spennande å studera. Det å observera at borna leikar på ein annan måte når dei leikar ute i skogen og med vatn fascinerer meg. Så i denne oppgåva ynskjer eg å finna ut kva som skjer i den dramatiske leiken, når borna leikar med vatn i ulike former.

Etter mine søk finn eg lite forskning som omhandlar borna sin dramatiske leik i og ved vatn i skogen. Det er lite forskning på dramatisk leik knytt til kor viktig det er for born å leika i skogen. Å vere ute i naturen er vektlagt i det norske samfunnet som ei viktig kjelde til eit sunt og godt liv. Friluftsliv Norge si forskning viser at borna leikar mindre ute i skogen no enn tidlegare. Mi forskning kan kanskje bidra til å legge meir til rette for dramatisk leik, i eit naturmiljø med tilgang på vatn i ulike formar.

Den tradisjonelle norske barnehagen har som oftast ein fast turdag i veka, der ein ofte går til skogen, sjøen eller ein leikeplass i nærområdet. I Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20) står det at leiken skal ha ein heilt sentral plass i barnehagen. Barnehagen skal inspirera til å gje rom for ulike typar leik både inne og ute. Borna skal kunna oppleva glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. Denne studien kan ha relevans knytt til fleire av Rammeplan for barnehagen sine emneområde. I til dømes *Kropp, rørsle, mat og helse* står det blant anna at personalet skal gje

borna tilgang til leik i varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 50). Under fagområdet *Kunst, kultur og kreativitet* står det at personalet skal stimulera nysgjerrigheit, utvida forståinga og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering, og at barnehagen må leggja til rette for og vidareutvikling av kreative prosessar og borna sin evne å uttrykka seg. I tillegg skal borna få bruka fantasi, kreativ tenking og skaparglede og at borna skal få arbeida med inntrykk og kjensler i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapande verksemd ute og inne. Barnehagen skal og synleggjera og skapa estetiske dimensjonar i inne- og utromma i barnehagen, (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 50-51). Det tredje fagområdet eg vil vektlegga er *Natur, miljø og teknologi*. Under det fagområdet står det at barnehagen skal bidra til at borna blir glade i naturen og får erfaringar med natur som fremjar evna til å orientera seg og vera i naturen til ulike årstider. Borna skal få oppleva, utforska og eksperimentera med naturfenomen og fysiske lover. Personalet skal leggja til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruka naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring. I tillegg skal borna få høve til å reflektera og laga eigne forklaringar på problemstillingar og til å delta i samtalar om det dei har erfart og opplevd, (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 52).

Som barnehagepedagog har eg lagt merke til at når borna er ute i naturen i det spesifikke utrommet, verkar dei meir avslappa i kroppane sine. Eg har undra meg over om det er slik at dei blir rolegare? Eller om det er noko eg trur fordi eg likar utrommet så godt.

Under Landskonferansen «Forsking i Friluft» i 1998 presenterte Ingunn Fjørtoft si forsking på utemiljø. Ho fann at skogen har ein positiv innverknad på oss menneske og at barnehagefeltet derfor må vektleggje naturen som stad for leik og utforsking. Nyare litteratur som fokuserer på leik i utrommet er Ellen Holst Buaas. Buaas har skreve boka *Med himmelen som tak, barns skapende lek utendørs* (2016). Ho er utdanna barnehagelærer og har lang erfaring frå barnehagefeltet. Engasjementet for rom under open himmel er stort og ho har lete seg inspirera av den amerikanske forfattern Richard Louv som har skreve boka, *Last Child in the Woods* (2008).

Desse kjeldene synleggjer verdien av utrommet som ein viktig arena der leiken kan få veksa og borna kan utfolda seg i, og med heile seg. Det som er positivt med å leika i skogen er at borna kan bruke sin kreativitet uforstyrta av menneskeskapte gjenstandar. Denne oppgåva undersøker korleis eit utrom har innverknad på den dramatiske leiken til borna, der elementa vatn og gjørme spelar på lag.

1.2 Problemstilling og Forskingsspørsmål

Gjennom denne forskingsprosessen er målet å forstå kva det er som skjer i borna sin dramatiske leik på eit valt uteområde. Og kva dei ulike elementa som finst på denne plassen har å seia for fiksjonen i iscenesetjinga av leiken.

I Mi problemstilling spør eg: Korleis utartar den dramatiske leiken seg for dei eldste borna i barnehagen i eit utrom med tilgang på vatn?

For å kunne svara på problemstillinga har eg to forskningsspørsmål som kan hjelpe meg å sjå nærare på deler av den dramatiske leiken i utrommet. Dei to spørsmåla er:

Forskingsspørsmål 1: I kva grad er elementet vatn med å påverka den dramatiske leiken?

Forskingsspørsmål 2: Korleis kjem bornas fiksjon til syne i iscenesetjinga?

1.3 Val av metode

I denne studien blir det brukt ein kvalitativ kasusstudie, med eit fenomenologisk og hermeneutisk blikk. I kvalitative studiar er det ein fram og attende prosess. Det er ikkje ein lineær prosess, (Nilssen, 2014, s. 18). Nye ting dukkar opp undervegs, både i planleggingsfasen, under innsamling og gjennom systematisering og analyse av materialet. Som forskar må ein akseptera denne røselege prosessen. I denne typar studiar er det menneskelege prosessar som blir studert på nært hold og i denne oppgåva er det dei eldste borna i barnehagen. Designet for forskinga er en kasestudie. Eg studerer den dramatiske leiken i to barnegrupper over eit avgrensa tidsrom.

For å kunne studere den dramatiske leiken i djupna har eg vald videoobservasjon, forskarlogg, memoryskrivning, barnesamtale og semi-strukturert intervju av dei vaksne. Når ein forskar vel ei samansetjing av fleire metodar kallar ein det ei triangulering og validiteten vil ha ein større gyldigheit. Det er likevel naudsynt å påpeika at i kvalitative studiar vil forskaren sine observasjonar og val av metode gjennomsyre studien.

2 Teori

I dette kapitlet blir teori som vil danna eit bakteppe for min analyse av min empiri. Teori knytt opp til dramatisk leik og leiketeoriar for dei eldste borna i barnehagen bli presentert. Teoriar på leik ute i skogen belyser eg ved å nytta forskarar frå praksisfeltet natur, miljø og teknologi, kropp, rørsle, mat og helse. Innan desse fagområda blir teoriar frå Ingunn Fjørtoft og Tone Reiten, Merete Lund Fasting, Kristin Danielsen Wolf, Jan Morten Loftesnes, Tor Egil Bagøien og Rune Storli, Olav B. Lysklett, Ellen Holst Buaas og Kari Anne Jørgensen nytta. Dei har studert born i leik i naturen, og i leik med elementet vatn. I dramafeltet er det i hovudsak forskarane Faith Gabrielle Guss, Kari Mjaaland Heggstad og Ellen Karoline Gjervan som vert mest sentrale.

Frå pedagogikken nyttar eg teoriar frå John Dewey og Lev Vygotskij, som har studert borna si utvikling og læring gjennom den dramatiske leiken. For å belysa teori frå Vygotskij nyttar eg boka *Vygotskij, barna og den lange læringsreisen* av Leif Strandberg (2015). I mitt arbeid med forskning på den dramatiske leiken kan ein ikkje komme vekk i frå at kroppen er ein viktig reiskap. Det vert difor naudsynt å ta med teori frå Brian Sutton-Smith (1979).

2.1 Tidlegare forskning knytt til dramatisk leik

Som kjent er grunnelementa i den dramatiske fiksjonen figur, fabel, rom og tid (Sæbø & Flugstad, 2014, s. 23). Guss har lagt til eit femte element i dei fira grunnelementa frå Mønsterplanen frå 1987 og det er «gjenstand» (Guss, 2016, s. 41). Eg vel å kalla det konkretar fordi eg observerte at borna fant pinnar, lauvblad og attgløymde emballasjar (søppel) og desse vart nytta inn i den dramatiske leiken.

Oppgåva vil belyse korleis borna sin fiksjon kjem til syne i iscenesetjinga av dramatisk leik i utrommet i skogen med tilgang på vatn. Teorigrunnlaget som er valt ut er avgrensa til mine funn. I observasjonane mine ser eg at borna finn ulike konkretar som pinnar og attgløymd søppel i skogen. Desse konkretane tek borna med seg inn i fiksjonen. Gjennom forskinga vert eg bevisst korleis borna brukar konkreta inn i den dramatiske leiken, saman med vatnet.

2.1.1 Dramatisk leik

Faith Gabrielle Guss

Guss har gjort ei omfattande studie av late-som-om leiken. Ho ser ein samanheng mellom teater og borna si ibuande trong til spontan leik, (Guss, 2015, s. 30). Gjennom å forske på late-som-om leiken så finn Guss at borna byggjer opp leiken slik at den har ei byrjing og ein slutt. Deretter leikar borna fram spenningsmoment og dramatiske augneblink. I boka *Barnekulturens iscenesettelser I* skriv Guss at ho kallar late-som-lek for eit leikedrama. Det fordi ho betrakta den som eit drama der borna diktar opp og iscenesettar. Borna opprettar situasjonar ved å opptre i rollar. I sin fantasileik leikar dei fram ei forteljing som oftast har spenningsmoment og dramatiske augneblink. Leiken vert då dramaet fordi borna skapar spenning for seg sjølve. Guss informerer om at frå ein tideleg alder så er late-som-leken ein hovudleikeform for dei heldigaste borna, det fordi denne leiken kan forståast som eit opphav til dramatisk kunst. Vidare presiserer ho at både teaterkunst og borna sin late-som-om leik har sitt utspel frå menneska si undring og trong til å forstå verda som me lever i (Guss, 2016, s. 23-30).

I leiken får ein utforska og eksperimentera med eit utsnitt av vår verkelegheit og fantasi, som fascinerer og opptek oss med den avstand ei oppdikta verd kan tillata seg. Inspirert av Guss si forskning vil eg i denne oppgåva dra nytte av korleis borna i leiken utforskar og eksperimenterer med ting frå verkelegheita og korleis borna nyttar konkretar inn i den dramatiske leiken med vatn.

Kari Mjaaland Heggstad

Heggstad er ei anna dramaforskar som tidleg studerte den dramatiske leiken (Heggstad, Knudsen & Trageton 1994, Heggstad 2012a). Hennar fokus er på kva teaterfunksjonar (regissør, dramatikar, scenograf, skodespelar og publikum) ein kan spore hjå borna i deira dramatiske leik. Heggstad har henta inspirasjon frå Sutton-Smith sin forskning på leiken (1979). Han hevdar at ein minst kan finne fire teaterfunksjonar i leiken: dramatikaren, regissøren, skodespelaren, og publikum. Heggstad har lagt til scenograffunksjonen (Heggstad 2012a, s.

44). Heggstad viser at borna tek på seg rollar og konstruerer ein fiktiv verkelegheit rundt seg medan dei leikar. Borna går ut og inn av fiksjonen etter behov og dei instruerer, korrigerer kvarandre etter kvart som hendingar i leiken utviklar seg. Dette er noko som ho kallar «barnets naturlige spillekompetanse». Heggstad anvende omgrepet dramatisk leik som eit samleomgrep for alle typar late-som-om leik (Heggstad, 2012a, s. 43-44). Dramatisk leik er og den terminologien eg vil nytte i denne oppgåva. Vidare har Heggstad (1994) sett på dei ulike dramatiske verkemidla borna anvende i leiken. Ho har blant anna funne at borna brukar ulike toneleie i det verbale språket, samt blikk, mimikk og gestar for å få fram spenning i leiken. Dette var noko eg såg tydeleg i empirien frå begge barnehagane. Både Guss og Heggstad har studert rytmen i leiken og gjennom og sjå nærare på rytme ser dei korleis spelet i leiken utviklar seg frå byrjing til slutt. Eit anna fokus for forskinga er knytt til borna sin symbolbruk i leiken. Eit døme er korleis borna brukar leikekloss som symbol på ulike ting; ein kloss kan bli til ei skive og ein anna kloss til ei colaflaske (Heggstad, 2012a, s. 232). Britt Paulsen (1999, s 102) forklarar ein slik prosess med at borna leiker med nye material for å bli kjent med dei og finne ut kva moglegheiter materialet har. Vidare seier ho at borna forandrar materialet, finner nye løysningar, og eksperimenterer i leiken (Paulsen, 1999, s 102). Frå Heggstad sin forskning vil denne oppgåva nytta seg av måten borna brukar scenograffunksjonane, det verbale språket og gestar.

Dramatisk leik er eit fellesomgrep på all leik som spring ut frå borna sitt indre. Denne leiken er den som borna styrer heilt sjølv utan innblanding frå vaksne (Heggstad, 2012a, s. 43). Heggstad seier at ulike teoretikarar har sett ulikt på kva som ligg i omgrepet, men dei teoretikarane som representerer den kulturhistoriske skulen knyter omgrepet til leik, altså til late-som-om-leik, det vil sei leik med fiksjonspreg.

Heggstad seier at i litteraturen så omfattar dramatisk leik rolleleik, fantasileik, fiksjonsleik med meir. Fellesnemnaren er fiksjonselementet. Enten borna leikar ein personleg leik (fysisk leik), eller projisert leik, (leik med objekt). Gjennom dramatisk leik så vil borna få god trening i å sosialisere – dei øver opp sosiale handlingsmønster. Borna blir bevisst betydinga av sine egne

og andre sine handlingar. Den dramatiske leiken tar for gitt at borna klare å ta den andre sitt perspektiv. Dette er viktig for å forstå den andre og få omgrep om solidaritet og vennskap. Den dramatiske leiken er ganske avansert. Heggstad seier at borna må retta seg etter leikens implisitte reglar og at ein må utøve større sjølvkontroll enn utanfor leiken. Gjennom dramatisk leik vil ein og utvikle omgrepsforståing, og utvida ordforrådet, aktivisera språket og kopiere dei vaksne sitt språk. Leiken bidrar til at borna skaffar seg kunnskap, både om den rolla dei har teke på seg og om situasjonen rundt. Gjennom leiken får borna og øving i problemløysing og moglegheit for å arbeide med følelsane. Heggstad ser uteområdet som ein god arena for å arbeide med dramatisk leik. (Heggstad, 2012a, s. 49).

Ellen Karoline Gjervan

Ellen Karoline Gjervan er ei anna forskar som studere den dramatiske leiken sitt særpreg. Ho har funne ut at den er uforutsigbar, spontan, og at det er i augeblikket. I artikkelen «Lekens dramaturgi – nye muligheter for barneteatret» (2013) ser ho nærare på kva som er det særeigne i leiken og korleis teaterkunsten kan gå nye veger innan barneteateret ved å henta inspirasjon frå borna sin leik. Gjervan er og oppteken av fiksjonsramma og har funne ut at den har teater og leiken til felles. Det å fiksjonalisera betyr å framstilla noko som fiksjon. Gjervan viser i denne artikkelen til Gladsø mfl. (2015, s. 190-192) som seier at fiksjonalisering er ein grunnleggjande menneskeleg aktivitet hjå menneska. Vidare informerer dei om at menneska er avhengig av menneskeleg førestellingsevner for å i det heile å forstå verda rundt oss. Ho forklarar at i dramatisk leik kan fiksjjonskontrakten begripast som ein avtale mellom dei som leikar saman, og om kva dei skal leika og korleis dei skal leika den. Vidare skriv ho at i leiken så blir fiksjjonskontrakten reforhandla kontinuerleg. Borna går inn og ut av fiksjonen dei har etablert utan at leiken blir broten av den grunn. Dei leikande er i leiken samtidig som dei kommenterer den, byter rollar og regisserer kvarandre. Det er i leiken borna både produserer, er aktørar og er publikum. Borna har alle desse funksjonane samtidig som dei er i leiken og driv den vidare. For at leiken skal kunna oppstå trengst det å etablerast ein fiksjjonskontrakt, først då vil borna kunna boltre seg i leiken.

Elin Thoresen

Nyare forskning på dramatisk leik som òg bør nemnast er Elin Thoresen si avhandling. Ho studerer pedagogen si rolle som mediator av det ho kallar den sosio-dramatiske leiken (2017). Thoresen påpeiker at den vaksne som er leiken kan stimulera borna sin leik, medan den vaksne som stillar seg på utsida av leiken kan bryta av leiken. I boka *Kunstpædagogisk utviklingsarbeid i barnehagen* (2019) skriv Thoresen i kapittelet «Virker du? – Den lekende pedagogen». Dette er eit interessant kapittel der ho beskriv eit første møte mellom ein nyttilsett og eit barn.

I denne forskinga har eg valt å sjå på borna sin dramatiske leik, der det er borna som har regien. Eg observerte at borna inviterte både meg som forskar og den vaksne som fylte borna til utrommet inn i leiken. I ei utvida studie kunne det vore naudsynt å sjå nærare på korleis den vaksne kan tilføra og stimulera borna sin dramatiske leik, slik at den kan få utvikla seg vidare om det trengst. Eg har valt å avgrense denne forskinga til primært å studere borna si rolle i leiken for ikkje å gape over for mykje, med omsyn til masteroppgåva sitt omfang.

Ingvild Olsen Olaussen

Ingvild Olsen Olaussen sitt kapittel «Den kreative barnehagelæraren i utrommet» (Olaussen 2014) er relevant for denne forskinga fordi ho ser korleis den kreative barnehagelæraren kan stimulera borna si dramatiske leik i utrommet. Teksten undersøker korleis barnehagelæraren kan stimulera borna sin dramatiske leik gjennom eit forlaup om Sherwood-skogen. Handlinga går føre seg på ein plass i skogen. Barnehagelæraren hadde planlagt forlaupet saman med Olaussen og kollegaer. Dette var ein tydeleg invitasjon frå dei vaksne til borna. Borna visste ikkje kva dei vaksne hadde planlagt og responderte på invitasjonen. Den dramatiske leiken til borna tok ei heilt annan vending enn det som var planlagt. Olaussen peika på kor interessant det er når utrommet er med å spela og farga mogelegheitene og ulike uttrykk kjem fram i samspelet med leiken. Ho fokuserer og på leiken sitt formspråk. Eit sentralt omgrep Olaussen anvende i analysen er ‘affordance’. Affordance er eit omgrep Olaussen har henta frå James Gibson og det er knytt til det å oppdage terrenget og sjå potensialet i landskapet (Olaussen, 2014, s. 213). Affordance er eit omgrep eg vil hente inn at i drøftinga. Olaussen si forskning er og informert av Guss sitt bidrag til å betre forstå den dramatiske leiken.

2.2 Teori om leik frå andre fag: leik i eit utrom i skogen

Det er interessant å sjå på teori frå andre fagfelt og sjå at ein kan kople dei saman med teori frå dramatisk leik. Mi oppfatning er at ein nyttar ulike omgrep til å forklare same fenomen. Eg finn klare samantreff mellom funn frå studiar innan andre fagområde og mi forskning av dramatisk leik.

Merete Fasting

Forskar Merete Fasting ved Universitetet i Agder har i si doktorgrad undersøkt borna sin eigenstyrte uteleik og ho har funne ut at leik med vatn, sand og søle er frydefullt. I ein artikkel som var på trykk i *Første steg nr 3/2016* skriv ho at det aller mest frydefulle born i begge barnehagane ho hadde forska på kunne leika med var vatn, jord og sand. Ho observerte at borna leikte så lenge i ein vasspytt at vatnet vart til gjørma, som dei nesten sette seg fast i når dei hoppa der. Borna var nærmast i ekstase. Vidare såg ho at ulikt terreng, høgdeforskjell, underlag og borna sitt samspel med det fysiske og sosiale ikring, såg ut til å trollbinde borna, slik at det vart ein slags magi i den fysiske uteleiken. Fasting kalla det den fysiske uteleiken, eg kalla det den dramatiske leiken. Fasting meiner og at utrommet er ei kjelde til glede og trivsel. Ho såg og at borna vart meir kreative og fekk meir fantasi i leiken. Dette baserer ho på to observasjonar. Den eine: at to gutar fann to små plankar som dei meinte var bumerangar. Dei klatra opp på fjellet og kasta kvar sin bumerang ut i lufta og så klatra dei ned att og henta den for så å kasta den ut i lufta att. Den andre: var at ho observerte at borna leika «*Dei tre bukkane Bruse*». Ho såg at dei fant lause plankar som vart brukt til å laga hinderløypa, og ulike naturmateriale vart brukt til å laga «*heksebrygg*». Dette er og noko som eg har merka meg at borna gjer på det utrommet som eg har studert.

Kari Anne Jørgensen

Kari Anne Jørgensen er ein forskar frå fagområdet *Kropp, rørsle, mat og helse* eg finn relevant. Ho har forska på barnehageborn sine erfaringar i møte med naturlandskap og –stadar. Ho finn at borna leikar på ein annan måte når dei er i naturmiljø. I miljø med eit rikt biologisk mangfald, vert borna sin leik stimulert. Jørgensen peikar på at rørsle og utforsking er eit viktig element i borna sin leik. Ho ser at leiken endrar seg når dei flyttar seg frå leikeplassen og inn i skogen. I artikkelen «Naturen åpner opp for mange muligheter for lek og læring» skriv Jørgensen:

De kunne fryde seg over at det regnet og at det da kunne være morsomt å bevege på en gren slik at det rant vann ned. Eller bekken som man bare kunne gå over når den var tørr, plaske igjennom når det var vått, eller skli på når det var kaldt. Alle disse endringene skapte en forskjell, og barna brukte disse aktivt i forhold til å skape mening. (Jørgensen 2016, s. 2)

Sett i frå eit dramafagleg perspektiv så er dei ulike elementa i naturen med på å iscenesetja leiken. Slik som når borna set seg på greina og observerer at regndropane renn nedover. Jørgensen har i si doktoravhandling forska på born og natur. Ho er bekymra for at til tross for at ein i norske barnehagar har ein tradisjon for å vera mykje ute, så fryktar ho at nokon plassar i landet er ein i ferd med å mista den litt. Vidare seier ho og at borna treng uteområde som ikkje har noko gitt oppskrift på korleis ein skal bruka det. Eit landskap med ulent underlag, vegetasjon som gjev ulike lysforhold, kampesteinar, sva og klipper vil gje ulike horisontar, og skapar ei stemning. Det er med på å inspirere til leiken si forteljing. Jørgensen finn og ut at borna dannar «klanar» i den uorganiserte leiken. Borna kommuniserer saman på avanserte måtar og dei skaper demokratiske prosessar. Eit døme på det ho observerte var at to grupper med born leika ved sida av kvarandre, der ei gruppe kunne leike frisørsalong under eit tre med låge greiner, så kunne den andre gruppa leike at dei fiskar. Dette kunne dei leika lenge og utvikla tema og så kunne borna gå mellom gruppene. Dersom dei starta leiketema kunne det til tider hende at heila gruppa vart involvert, og så kunne dei danne undergrupper med same leiketema. Ein kunne finne døme på mange ulike typar leik samtidig.

Kristin Danielsen Wolf

Kristin Danielsen Wolf refererer til Gopnik (2009b) i si bok. Gopnik hevdar at born ikkje trenger *enrichment materials*, det vil sei leiketøy med pedagogiske føremål – at born skal læra noko. Han hevdar at born treng å få leika med kvardagslege objekt og å få mogelegheit til å førestilla seg – å late som om (*to pretend*). Slike kvardagslege objekt kan vere av det han kallar *Open-ended material*, slik som til dømes naturmateriale som kan bli til alt mogeleg. Det vil og bli med på å stimulera til utforsking, førestilling og leik. Vidare trekk han fram at borna sin leik med pinnar, sand, vatten og kjøkkenbollar stimulerer utforskartrongen. Borna utforskar, leikar og lærer om den fysiske verdi. Å la born få leika utandørs der det er tilgang på natur, søla, og gjørmete plassar er spesielt ideelle og givande omgivnader, (Wolf, 2017, s. 75-76).

Helle Nebelong

I foredraget om «barn og rom» understrekar den danske landskapsarkitekten Helle Nebelong blant anna at «borna har rett til å bli skitne». Ho er oppteken av å utforma spennande utrom med naturen sine egne element. Nebelong er internasjonalt anerkjent for sin spesielle filosofi og som designar av naturleikerom kor born trivest. Ho er ein nøkkelpioner innan den naturlege leikeplassen, og ho er oppteken av at ein skal bruka lokale materiale som finst på plassen. Eit døme på slike materiale er; greiner eller ned sagde trær, store steinar og gjenstandar frå den verkelege verda, i staden for kunstige materiale. Eit av hennar mest kjente prosjekt er Garden of Senses, Faelledparken og Nature Playground in Valbyparken i Danmark. Nebelong meiner at i uteområdet må borna ha tilgang til naturlege materiale som småstein, pinnar, blader. Det er fint å støtta seg på Nebelong sitt utsegn at borna har rett til å bli skitne. Dei blir skitne i utrommet fordi dei er utforskande, tett på materiale. Dette ser eg også i mi forskning. Dei har rikeleg med tilgang på naturlege materiale, noko eg observerte vart nytta inn i fiksjonen. I bladet *Green Places*, May 2004, finn eg artikkelen som omhandla naturleikeplassen i Valbyparken. Det er ein park som foreldra først meinte var for farleg med store steinar, medan dei tilsette ved institusjonen trudde ville bli keisam. Borna som leika der elska plassen.

Då denne artikkelen kom på trykk hadde leikeklassen eksistert i fem år og no kunne foreldra fortelja at borna var gladare når dei kom heim frå institusjonen. Institusjonsleiaren fortel at det er færre konflikhtar og at dei er godt nøgd med leikeklassen og spesielt med vatnet.

I november 2015 var Nebelong forelesar på ein landskonferanse «Barn og rom» i regi av Dronning Mauds Minne Høgskule (Barnehagen.no, 2015). I sitt framlegg uttalde Nebelong at borna treng å kunna slappe av med naturens eigne kunstnariske fargar. Det naturlege utrommet er med på å utvikle bornas ferdigheiter, og at det er mykje spennande å utforske der. Nebelong har utvikla fleire utrom for barnehagar, skular og parkar i Danmark. Det utrommet eg har brukt i mi forskning har fleire av elementa som Nebelong trekkjer fram som viktige og nettopp difor har eg valt å sjå på korleis ho utformar utromma. Hjø Nebelong kan eg og henta inspirasjon i korleis rommet si utforming verkar inn på den dramatiske leiken; korleis stimulerer den, og korleis kan den utfordre leiken.

Tor Egil Bagøien

Tor Egil Bagøien som er redaktør i boka *Barn i friluft* snakkar om kor verdifullt friluftsliv er, og han formidlar at borna si evne til å få ein relasjon med natur gjennom leik og oppleving har noko fundamentalt med seg. Han minner lesaren om at nordmenn har eit behov for å søkja ut i skog og mark og at borna som sosialisrast inn i tradisjonar med å gå på søndagstur, er noko som er positivt. Allemannsretten er og noko som er heilt unik i Norge og som er med på at spegla kor viktig det er for oss å komma oss ut i naturen (Bagøien, 2003, s. 153-170).

Ingunn Fjørtoft og Tone Reitan

Fjørtoft har forska innan friluftsliv, idrett og kroppsøving, ho har forska mykje på born og natur. Artikkelen som eg har nytta heiter «Naturen – et sted for leik og læring». Ingunn Fjørtoft har

saman med Tone Reiten laga ein kunnskapsoversikt med tittelen *Barn og unges relasjonar til natur og friluftsliv* (nr 10/2003).

Fjørtoft dokumenterer korleis ulike element i naturen innbyr til leik og synar fram korleis borna tek dette leikeuniverset i bruk i si avhandling. Ho ser ei samanheng mellom landskapets økologi og borna sin bruk av landskapet til ulike former for leik. I analysen finn ho ei samanheng med landskapet sine eigenskapar for ulike former for leik. Ho ser at naturlandskapet tilbyr eit eldorado av ulike former for leik og fysisk utfalding og at terrenget inviterer til ulike former for leik og fysisk aktivitet. Borna ser moglegheitene og tek dei i bruk: Eit tre blir eit klatrestativ, ein skråning blir ei sklie, buskaset blir gøymestader, einerbusken blir hus og heim. Lause materiale blir samla til hyttebygging i busker og trær. Borna føretrekkjer eit leikemiljø der det er mogeleg å klatra i trær, skli, kasta, hoppa og springa, byggje hytter, byggja med sand, leire og snø. Dette er og noko som eg har observert, men i denne oppgåva er det vatn i ulike former som er i fokus, og det som vil bli analysert.

Borna blir trygge i naturen når dei blir kjent i området og meistra utfordringane der. Dei viser glede over meistring av eigen kropp og ved fysisk rørsle, noko som ofte skjer gjennom fri leik utan vaksenstyring. Terrenget inviterer til ulike former for leik og fysisk aktivitet. Borna ser moglegheitene og tar dei i bruk: Gjennom studiet av borna sin bruk av landskapet til leik og fysisk aktivitet vert det tydeleg for Fjørtoft korleis borna oppdagar livet i skogen. Trær og busker blir utforska og nytta til hyttebygging og rolleleik, der einerbusken blir eit populært skjul for "hus og heim" leiker. Med skogen som leikeplass gir det gode moglegheiter for å introdusera andre fag og særleg naturfaglege tema som lar seg godt kombinere med rørsle-leik i terrenget, eg vil og leggja til at dramafaget òg lett kunne nyttast meir i utrommet. Landskapet blir godt utforska gjennom rørsleleiken og borna blir kjent og føler seg trygge i landskapet.

Fjørtoft seier at naturen, anten det er ein skog, ei strand, ei elv eller eit fjellområde, representerer eit dynamisk miljø og ein røff leikeplass som stimulerer borna si sansemotoriske utvikling og gjev utfordringar og spenning. I min forskning er det til dømes rikeleg med vatn på det utrommet leiken studerast. I det eine forskingsspørsmålet i denne oppgåva undersøkjer eg nettopp dette,

når eg spør i kva grad er elementet vatn med på å påverka den dramatiske leiken? Vatn kan ha mange sansemotoriske stimulans alt etter kva årstid ein har. Eg ser på kva måte vatn kan vera med på å skape fiksjon i den dramatiske leiken. I utrommet som blir forska på i denne studien kan det for nokon berre sjå ut som ein liten skog med vatn –at det ikkje på nokon måte vil egna seg som eit rom der det kan innbydast til dramatisk leik og fiksjon. Det romlege er sentralt i dramapedagogikken. Den fysiske plassen kan raskt bli til ein annan stad, ein fiktiv stad (jf. Gladsø mfl. 2015).

2.2.1 Det taktile i elementa vatn og gjørme

Merete Lund Fasting har i boka *Barns utelek*, skrive om vatnet si betydning i borna sin leik (Fasting, 2017, s. 91-96). Ho ser at borna frydar seg når dei hoppar over ei elv. I si forskning studerte ho to ulike barnehagar, og ho fann at vatn var unikt for borna. Borna i begge barnehagane hadde vist ho at dei elska å leika med og i vatn. Når borna leikte i barnehagen og det hadde regna visste borna akkurat kor vatnet samla seg og danna vasspyttar. Dei gjekk då der og samla vatn oppi bøttene. Ho såg vidare at borna blanda jord og sand saman med vatn. Då borna hadde heldt på med dette i nesten to timar kom det fleire born til og dei danna ei bru av steinar og plankar. Etter ei stund så endra vasspytten seg meir til ein gjørmepytt. Borna begynte å hoppe i gjørmepytten så det spruta vatn og gjørme på kleda og i fjeset. Fasting skildrar ein situasjon der ein gut som fekk gjørmepyttvatnet i fjeset, han sto lenge og kjente på korleis gjørma stivna i fjeset (Fasting 2017, s. 96). Eg har i mi forskning sett liknande som eg vil vise til i funna mine. Det er noko med det sanselege i dette elementet. Fasting seier og at borna er sansesøklarar, at dei kjenner på ulike følelsar når dei utforskar fenomen i naturen som til dømes når dei har teke hendene ned i gjørma og kjenner på korleis den skilr mellom fingrane. Ho er og oppteken av leiken til borna gjennom ulike årstider. I mi forskning ser eg korleis borna byggjer opp den dramatiske leiken og utforskar isen på elva når det låg is og snø på den. Samt korleis dei studerer og brukar gjørma inn i fiksjonen.

Jan Morten Loftesnes

I tidsrommet august 1993 til juni 1994 var Loftesnes ansvarleg for eit prosjekt i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen si miljøvernavdeling kalla «Naturleikeplassen». Loftesnes informerer at på ein naturleikeplass kan ein bygge opp kvar som helst i nærområdet. Terrenget er heller inga hindring, enten det er store steinar, bekkar eller groper i området. Terrenget kan seia noko om kva for aktivitetar borna kan drive med, (Loftesnes, 1998, s. 17). Loftesnes skriv og at sansane vert stimulert på naturleikeplassen. Han fann ut at borna vart meir kreative og glade (Loftesnes, 1998, s. 23).

Ellen Holst Buaas

Buaas har lete seg inspirere av utrommet og naturen som arena for leik og skapande aktivitetar i barnehage og grunnskule. Leik- og kreativitetsforskarar, kunstnarar og naturvitarar har vore til inspirasjon. Men dei som har inspirert ho mest er borna. Ho hentar òg inspirasjon frå den amerikanske forfattaren Richard Louv som har skrive boka *Last Child in the Woods?* i 2008. Boka omhandlar å få borna ut i naturen. Louv kallar det «nature-deficit disorder». Buaas forklarar omgrepet som ein forstyrning på grunn av manglande kontakt med naturen. Buaas har funne ut at borna likar seg best ute i skogen og at dei menneskeskapte leikeplassane er lite brukt. Borna likar best den verkelege verda. Grunnen trur ho er at den er meir kompleks og uforutsigbar og at den byr på fleire moglegheiter til å setja eigne spor. Ho skriv og at borna let seg tiltrekkja av ein sølepytt. Det skulle ikkje store sølepytten til før dei minste borna fryda seg. Vatn egna seg for mange spennande og kjekke leikar, og var eit godt materiale for utforsking for born i alle aldrar. Vatn kan setjast i rørsle og me kan spegla oss i det, seile på det, lede det vekk og bade i det. I tillegg kan fenomenet vatn verte omdanna til snø og is. Det er uendeleg med moglegheiter for leik og læring (Buaas, 2016, s. 135).

2.3 Dramatisk leik

2.3.1 Fiksjon i iscenesetjinga av borna sin leik

Guss har forska mykje på barnekulturens iscenesetjingar og ho har skrive to bøker som omhandlar det. Eg vil trekkje fram nokre av momenta hennar. Me har alle sett born som leikar og at dei er i si eiga verd og berre finn på saker og ting. Kva er det eigentleg borna gjer når dei leikar? Born iscenesettar leik heile tida, det er berre det at me ikkje tenkjer over det. Borna leikar ut sosiale settingar, det kan vera noko dei har sett på fjernsyn eller dei leikar ut settingar som familieleik. Der dei er mor, far og ofte baby. I slike settingar seier Guss at gjennom iscenesetjinga av leiken sine rollefigurar viser born lingvistisk bevisstheit når dei vel ut ord og handlingar (Guss, 2015, s 35).

Dramaforskar Aud Bergraf Sæbø har lista ned tre punkt som ho meiner omhandlar dei viktigaste områda i fiksjonen: fiksjon i forhold til gjenstand og objekt, fiksjon i forhold til situasjonen og fiksjon i forhold til rollen (Sæbø, 2010, s. 35). Desse punkta vil eg forklare litt meir.

Under det andre punktet har Sæbø lagt vekt på at det ikkje alltid borna er i ei spesiell situasjon. Ein kan late som om ein er i ein annan situasjon enn den ein eigentleg er i. Vidare fortel ho at når ein er i slike som-om-situasjonar så vil ein også forholde seg til å bruke som-om-objekt. Til dømes kan me late som om me er i ein jungel og lure oss inn på farlege dyr som har sett oss, og som me så vidt klarer å rømme ifrå. I det siste punktet er det oss eller borna som subjekt der ein går inn i ei rolla. I denne dramatiske aktiviteten kan me late som om me er noko anna eller ein annan enn det me er. Med det meinast at ein går inn i ei rolle og identifiserer seg med ein rollefigur eller eit rolleobjekt. Ein rollefigur vil vera ein person eller eit anna levande vesen, medan rolleobjekt vil vera ulike gjenstandar.

Gladsø mfl. nyttar omgrepet *fiksjonalisering* om det at ein beveger seg mellom eg og ikkje eg. Dei seier og at det kan vera lurt å sjå ulike former av fiksjonalitet og sjå på dei som reiskapar i den kulturelle kommunikasjonen mellom menneskjer. Det å konstruere fiksjonar gjennom forteljing er framleis teateret sin viktigaste måte å formidle på. Likevel ser dei at fiksjon i dag

gjer seg gjeldande også på andre måtar i samtidsteateret, det med innspel frå spel og leik. Leik er ein fiksjonsform som på fyrst og fremst knyter borna sit skapande samspel og aktivitetar saman. Leiken har og vore ei inspirasjonskjelda for moderne og postmoderne kunstnarar. I leiken sit samvær blir verda utforska gjennom fiksjonelle skisser eller øvingar. Difor kan leik på mange område vera ein inngangsbillett til teaterarbeidet i kollektive skapande prosessar i dramaarbeidet. Det er ikkje alltid lett å forstå kva som skjer i den fiksjonelle verda, men det er noko ein sjølv produserer og dermed blir ein del av. Gladsø mfl. forklara det slik:

Fiksjonens innhold og form er uadskillelige, ikke minst fordi fantasien stimuleres i møte med det materialet som skal formes enten det er en leirklump, et videokamera eller kroppen som skal brukes. Når vi skaper et uttrykk i et materiale, oppstår samtidig et spillerom for fantasien. Dette spillerommet oppstår i møtet mellom fantasien, forestillingsevnen, og det mediet fiksjonen formes i, som i vårt tilfelle er teater» (Gladsø mfl., 2015, s. 191).

Denne kunnskapen vil eg ta med meg inn i mi forskning, altså inn i utrommet. Har naturmateriale som finns i dette utrommet noko og sei for fantasien og fiksjonen i leiken?

I «Lekens dramaturgi – nye muligheter for barneteater?» skriv Gjervan om omgrepet metafiksjonell dramaturgi. Med metafiksjonell dramaturgi meiner ho korleis fiksjonen vert omtale og korleis leiken foregår. Vert historia fortalt i notid, fortid eller framtid? Vert innhaldet framført via eigen kropp, dokker eller objekta? Guss omtalar borna si handling/dialog som *metafiksjonell*. Vidare fortel ho at når born kommenterer fiksjonen som seg sjølv, så kallar ho det for eit metafiksjonelt plan – altså eit plan som går ved sida av eller bak sjølve fiksjonsplanet (2015, s. 37- 40).

Guss har studert Eli Åhm si leikforskning. Guss si tolking er at born i leiken tek funksjonar som ein «forteljar» og ein «regissør». Til ein viss grad utfører borna sine funksjonar utanfor sjølve spelesituasjonen. Guss har framheva kompleksiteten i borna sine funksjonar og skil dei frå kvarandre. Ho har òg lagt til ein ny funksjon, altså ein «forteljar» som står utanfor sjølve leikedramaet. (Døme: «Og så kom ulven», og «Og så vart det natt, og dei sov»). Guss fortel

og at det finns ein dramatikarfunksjon i leiken. Det er den som er oppfinnaren av handlinga – altså kva om skjer. Denne kan utføra denne funksjonen anten ved å stå utanfor sjølve fiksjonen og komma med handlingsforslag til dei andre, eller ved å skapa forteljinga si driv framover i sine rollehandlingar. Guss seier dei fleste born er «dramatikarar» samtidig som dei er «skodespelarar», dette er fordi dei utviklar ei forteljing i sine rollehandlingar. I tillegg til ein forteljarfunksjon og ein dramatikarfunksjon så er «regissørens» funksjon å instruera sine leikekameratar i korleis dei skal utføra rollehandlingane dei har fått i leiken.

Her ser eg nokre parallellar mellom Guss og Heggstad sin leikforsking, der funksjonar i teateret blir nytta til å analysere dramatisk leik og at begge legg til ein funksjon. Guss støttar seg på Åm, mens Heggstad er i hovudsak inspirert av Sutton-Smith. Guss har lete seg inspirere av litteraturvitar og barnekulturforskaren Flemming Mouritsen, som har forska på borna si munnlege forteljing sjå i boka til Guss (Guss, 2017, s.21)., årstall, s.). Han har funne ut at born si spontane forteljing har tre nivå av bevisstheit. Han har vidare lete seg inspirera av teaterforteljaren Dario Fos sin folkelege forteljarmetode. Mouritsen sine nivå av bevisstheit er: 1. borna uttrykkjer her sitt private eg. Guss kallar dette for det metafiksjonelle nivået, fordi i eit leikedrama ligg denne posisjonen utanfor fiksjonsramma. 2. Borna kombinerer her forteljar-/regissørposisjonen. Desse to vel Guss å skilja fordi ho meine dei har to funksjonar. 3. Dette er skodespelarposisjonen. Dei tre nivå er spennande perspektiv og kan bidra til viktig kunnskap når ein forskar på dramatisk leik. Er det noko her som ein kan byggja vidare på, eller henta inspirasjon frå i jakta på borna sin ibuande kraft til å leika? Dette kan lett knytast opp mot born som leiker i utrommet i denne forskinga. Borna sine kroppar eller konkretar blir omforma til det dei treng i leiken. Gladsø m.fl. peiker på at fiksjonaliseringa skjer gjennom den som gir form til fantasien, men den blir ikkje fullført før den har ein mottakar av fiksjonen (Gladsø mfl. 2015, s. 214-215)

2.3.2 Leik med konkrete

Guss er sterkt inspirert av den kjente dramaforskaren Peter Slade som har forska på born sin late-som-leik (Guss, 2016, s. 30). I boka *Barnedrama* introduserer Slade omgrepa ‘overført

leik' og 'personleg leik'. Med overført leik (projisert leik) meiner Slade leik der borna iscenesettar og framstiller sine indre førestillingar ved å overføra opptreande til gjenstandar. Guss fortel at borna utviklar objektpermane – altså evna til å framkalla eit indre bilete av noko som ikkje er der (Guss, 2016, s. 170). Altså borna ser ein tom kopp, - dei tar den opp og latar som drikker av den og lagar slurpelydar. Seinare, når dei har utvikla objektpermanens og får impulsar i det dei framkallar indre bilete, kan dei få ein ide til ei handling, utan at gjenstandane som passar til handlinga er til stades. Vidare når dei treng ein gjenstand som ikkje er til stades, finn dei ein gjenstand som liknar. Borna kan då omforma den som eit symbol på det tenkte objektet. Med ei slik abstrakt tenking og assosiasjonsevne kan borna framstille ulike objekt til det dei treng i leiken. Vidare og etter kvart som den abstrakte tenkinga aukar, kan borna framstilla det dei tenkjer seg, utan at gjenstanden er der.

2.4 Litt om Dewey og Vygotskij sine leiketeoriar

John Dewey brukar omgrepet «learning by doing» (Egidius, 2000, s. 93). Dette er eit kjent omgrep for oss pedagogar som arbeider i barnehagen. Han meiner at borna skal få læra gjennom handling. Dewey kallar det og ein konstruktivistisk læringsteori. Han seier at mennesket konstruerer sin eigen kunnskap, og det skjer gjennom aktivitet og individuelle prosessar. Det er det som resulterer i læring. Konstruktivistisk læringsteori er ein av fire hovudteoriar innanfor pedagogikk. Mykje tyder på at omgrepet «learning by doing» passa godt inn i borna sin leik i og ved elva på utrommet i skogen. Fordi uttrykket handlar om å setja seg sjølv i rørsle, og det å vera i stand til å motivera seg sjølv. Når borna leikar i skogen blir det naturleg å setja seg sjølv i rørsle både fysisk og kognitivt. Dette er noko som eg har lagt merke til når me kjem til utrommet i skogen. Dei utforskar staden og gler seg til å komme tilbake. Så tek dei med seg erfaringar dei har gjort seg, inn i den dramatiske leiken.

Leikforskar Vygotskij seier at i den dramatiske leiken er borna på eit høgare nivå, der tek dei for seg dilemma dei har vore introdusert for, inn i leiken. Gjennom leiken kan dei betre bebreida eller prøve å forstå eit dilemma dei har observert, eller vert stilt overfor. Han hevdar og at borna i leiken på ein måte er større enn det dei er i det verkelege liv; dei er eit hovud høgare enn seg

sjølv og oppfører seg meir modne, klokare og sterkare. I rolleleiken speglar borna den vaksne si verd. Rolleleiken blir difor den viktigaste kjelda til kunnskap om det samfunnet borna skal veksa inn i. Leiken skapar ei sone for vidare læring. Det er i leiken at borna går framover og får meir kunnskap.

Ein hovudtanke hjå Vygotskij er at borna gjennom rolleleiken lærer seg omgrep og derfor utviklar evne til abstrakt tenking. (Braanaas, 2008, s. 257). Vygotskij skil mellom born si faktiske utviklingssone og den næraste utviklingssona. Det er den nære utviklingssona eg vil gå nærare inn på her. Det er der borna kan klara seg sjølv med litt hjelp, støtte og inspirasjon frå ein vaksen eller frå ein meir erfaren ven. Til saman blir dei eit kompetent par. Det er difor leiken og sampelet mellom born er viktig. Når borna imiterer eldre born eller andre vaksne si åtferd eller aktivitet, så lærer borna å utvikle seg gjennom leiken. Leiken er borna si eigenskapte næraste utviklingssone, i leiken kan borna gjere ting og delta i aktivitetar som dei ikkje kunne ha fått til i andre samanhengar. Det er i leiken borna skapar si eiga støtte og utvidar sin kunnskap (Öhman, 2012, s. 52-53).

Vygotskij forklarar samanhengen mellom fantasi og verkelegheit på fir(e) ulike måtar. Eg legg vekt på den første her. Det er at alle fantasiskapningar alltid er tufta frå verkelegheita og som Leif Stranberg skriv kan du imitere, så kan du gå vidare og høgare. Det kan vera å imitera frå vaksne og eldre born (Stranberg, 2015, s. 64).

3 Metode & design

3.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg presentere val av metode og forklare korleis eg har analysert og samla inn empirien. Metoden eg har nytta er kvalitativ kasusstudie med eit hermeneutisk og fenomenologisk blick. Eg vil sjå nærmare på meg som forskar med handhaldt kamera, og dilemma som oppstod då borna tok kontakt med meg. Til slutt vil eg diskutere metoden sine sterke og mindre sterke sider.

3.2 Metodologi

Målet med kvalitativ forskning er å studera og forstå menneskelege handlingar og /eller prosessar i naturlege omgivningar (Postholm, 2010). Fokuset har vore å studera den dramatiske leiken til borna i eit utrom med tilgang til vatn. Studien er ein kvalitativ kasusstudie fordi eg har studert eit innsnevra felt i djupna, for å finna ut om elementet vatn hadde noko innverknad på den dramatiske leiken til borna. I denne prosessen har eg tolka, bekrefta og avkrefta, deretter har eg gått fram og tilbake i denne prosessen ettersom nye forhold dukka opp og vart teke inn i forskingsarbeidet (jf. Postholm, 2010, s. 36).

Vivi Nilssen seier i tillegg at det ikkje er ein linjer prosess, men at ein må gå fram og attende (Nilssen, 2014, s. 18). Eg pendla mellom empirien og teorien som eg hadde tileigna meg. Etter kvart som nye ting dukka opp i empirien måtte eg og på leit etter ny teori. Dette for å få bekrefta mine funn og antakingar. Når ein forskar i ein kvalitativ forskingsprosess så konsentrerer forskaren seg ofte om deltakarane sitt perspektiv (Postholm, 2011, s. 36). Med hjelp i frå den kvalitative metoden med eit hermeneutisk fenomenologisk blick har eg tolka korleis den dramatiske leiken utartar seg i eit utrom med tilgang til mykje vatn. For at eg skulle kunna klara å forstå i djupna måtte eg studera korleis borna utfolda seg, korleis borna sansa, undersøker, opplever og erfarer utrommet ut frå sin livsverd (Næss & Pettersen, 2017, s. 88).

Dette gjer eg gjennom å sjå nærmare på korleis vatn i ulike former er med på å inspirera borna sin leik. Som forskar observerer eg borna gjennom videolinsa, og med det blotte auga. Samt gjennom samtale med dei vaksne som er med og borna som leikar i utrommet. Eg hadde og barnesamtaler med kvar av barnegruppene som var med i forkinga i utrommet. Menneskjer er sjølvfortolkande dyr skal Charles Taylor ha sagt (Nyeng, 2017, s. 187). Med dette utsagnet plasserer eg mi vitskapelege tilnærming i det hermeneutisk-fenomenologiske landskapet. Utsagnet kan vera eit godt bilete for forking, tolking og undring over fenomen, slik me menneskjer gjer. Ein kan heller ikkje sjå vekk ifrå at det er mi tolking som vil prega denne oppgåva, sjølv om eg har late datamaterialet snakka til meg. Om andre hadde tolka mine observasjonar så kunne det vorte eit anna utfall, og utifrå det som dei har med seg av si førforståing. Men om dei hadde stilt dei same spørsmåla som eg, så ville me kanskje fått noko samsvarande syn.

3.3 Hermeneutisk syn

Ved å forske med eit hermeneutisk syn så prøve eg å forstå verda til informantane og det er i hovudsak borna i min studie. Filosof Frode Nyeng forklare det slik:

Det er med det kjente som utgangspunkt vi søker etter mening i det ukjente (og vinner perspektiv på vårt eget, det som er selvsagt). Hermeneutikkens fokus på tolking er med andre ord et fokus på hvordan våre erfaringer blir til på grunnlag av tidligere erfaringer. (Nyeng, 2017, s. 205).

Det er ikkje til å komme vekk i frå at drivkrafta bak all fenomenologisk forking er søken etter å forstå eit fenomen ein frå før av har kjennskap til. Det er og det som er mi drivkraft i denne prosessen. Eg søker ei forklaring på det ukjente i det kjente når eg går inn for å tolka korleis borna si livsverd er i utrommet og korleis dei bruke fenomenet vatn i ulike former inn i den dramatiske leiken. I kvalitativ forking omtalar ein ofte *den hermeneutiske spiral*. Det er ei forklaring av fortolkingsprosessen som stadig er i rørsle mellom forståing og slik ein har forstått noko frå før, som så blir tolka i lys av ny kunnskap (Nyeng, 2017, s. 200). Utfrå mi førforståing

så har vatn ei tiltrekkingskraft på borna. Det er denne tiltrekkingskrafta eg har studert og tolka og gjort funn ut i frå – korleis vatnet er med på å påverka den dramatiske leiken i utrommet. Eg har ikkje spurt etter tiltrekkingskrafta. Det er mi førforståing at borna trekker til der det er vatn. På bakgrunn av dette vil eg finne ut av leiken med vatn på denne staden. Kjetil Sander seier at me aldri kan bli kvitt vår bakgrunn og våre erfaringar, og ingen forståing kan starta heilt objektivt (Sander, 2022). Dette er eg merksam på i mi forskning.

Kvale og Brinkmann går ut i frå sju *hermeneutiske fortolkningsprinsipper* (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 237). Det er særleg det sjette prinsippet eg finn relevant. Der blir det peika på at forskaren må prøve å gjera sine føresetnader eksplisitte og prøve å vere bevisst formulering av spørsmåla ein stiller, fordi det vil bestemme kva form for resultat som er mogeleg. Dette er og noko som den kjente tyske filosofen Hans-Georg Gadamer (elev av Heidegger) seier om den hermeneutiske metoden. Anne-Beate Ulveseth Lilletvedt og Siv Tone Myklebust formidlar dette på ein forståeleg måte i deira kapittel i Antologien II (Lilletvedt & Myklebust, 2017).

Gadamer seier at det er gjennom ei før-forståing at ein klarer gradvis å skaffa seg ein kunnskap. Det at me alltid møter verda med ei forståing utifrå ein forståingshorisont. Ein kan heller ikkje få ei full oversikt over eigen horisont, heller ikkje bryte ut av den, men den kan justerast ut frå dei nye erfaringane me gjer oss (Lilletvedt & Myklebust, 2017, s. 91-92). Vidare skriv Lilletvedt og Myklebust at fordom er nødvendigvis ikkje eit negativt lada omgrep, slik som når ordet vert brukt i det daglege språket. Det ein bør ta i betraktning er korleis ein ser det, erfaringar, opplevingar, og korleis ein oppfattar- kort sagt fordommar- man må nytta seg av dersom man vil forstå noko.

Utan fordommar, ingen forståing; og dess fleire fordommar, desto større forståing, (Gadamar, 2010, s. 13, henta frå Lilletvedt & Myklebust, 2017, s. 92). Forskaren bør ha ei viss klargjering om kva ein tek med seg inn i forskinga og kva fagleg syn ein har, samt ha i tankane at det kan farga forskinga, eller kor ein zoomar inn. Det at eg var ei jente som sjølv likte å leike med vatn og gjørme har påverka meg. Likevel så prøver eg å ha forskarbrillene på slik at eg ikkje lar min

subjektivitet få regjera. Etter kvart som eg samla empiri og samtala med informantane fekk eg ei forståing av kvifor både eg og borna eg studerer leiken til, likar å leike med dette fenomenet vatn. Eg er meg bevisst at mitt faglege syn og mitt engasjement for elementet vatn vil vera med å farga mi tolking av innsamla materiale.

3.4 Fenomenologisk syn

Fenomenologien beskriv som oftast læra om fenomena og vert grunnlagt som filosofi av Edmund Husserl rundt år 1900. Deretter har fenomenologien utvikla seg i mange retningar. Men det som er felles er at dei tenkjer at vitskapen sitt oppdrag er å gå til fenomena sjølv, som tydar at ein må søkja til sakens kjerne Kjersti Johansson (2017) Nyeng forklarar fenomenologien som ei erfaringsbasert retning slik:

Det fenomenologien vil vise, er at spørsmålet om hva verden består av ikke bare handler om verden, men om våre betraktningsmåter. Ut fra en fenomenologisk – eller genuint erfaringsorientert – forståelse av begrepene «verden» og «virkelighet» er det derfor umulig å akseptere påstander om at den underliggende, materielle verden er den eneste som virkelig finnes, (Nyeng, 2017, s. 54).

I denne oppgåva har eg og nytta fenomenologisk syn til å dykka ned i, tolka og prøva å forstå informantane sin livsverd på dette utrommet. Nyeng seier at livsverden er kort sagt den umiddelbart opplevde verden. For å forstå så må ein dukka ned og gjera undersøkingar (Nyeng, 2017, s. 53). Det er slik eg har gjort når eg har føreteke mine empiriske undersøkingar på ein triangulær måte.

3.5 Datainnsamlingsmetode

Triangulering

For å auka reliabiliteten i forskinga og gjera innsamlinga av empirien min meir påliteleg valde eg å hente inn data på fleire måtar: videoobservasjon, bilete, intervju, barnesamtale og logg. Dette blir og omtala som ei triangulering (Bukve, 2016, s.153). Fordelen med å anvende metodetriangulering er at kombinasjonen av metodar kan få fram fleire nyansar i datamaterialet. Bukve trekker fram at forskaren kan komma fram til meir detaljerte og presise tolkingar av og forklaringar på eit fenomen.

3.5.1 Videoobservasjon

Det å nytte meg av videoobservasjon var ein heilt ny og lærerik erfaring. Eg trudde eg kunne feste alt på film og at den ville fortelje heila historia. Mi forforståing var at eg gjennom å nytta videoobservasjon ville få med meg alle detaljer og dialogen. Slik vart det ikkje. Filmen fortel berre det som linsa fangar opp. Det som ikkje kjem innanfor linsa har eg forsøkt å fange opp gjennom å notera i loggboka mi. I kunnskapen som eg har tileigna meg fann eg gode råd som eg prøvde å fylja. Når eg filma i den barnehagen eg til vanleg arbeidar i vart mobiltelefon-kamera nytta og det fungerte ganske godt, medan eg filma i den andre barnehagen med to handhalde videokamera, lånt frå HVL. Først presenterer eg korleis det var å filme med mobilkamera og etterpå korleis det var å filme med handhalt videokamera.

Å filme med mobilkamera

Det å filme med mobilkamera var enkelt. Fokuset mitt var på å filme når borna gjekk ned til den vesle elva. Eg fekk filma mange augneblink. Det som var vanskeleg var når borna tok kontakt med meg. Da trykte eg på av-knappen. Det var to grunnar til at eg skrudde av og på mobilkamera. For det første så var eg usikker på om eg skulle ha det på når borna tok kontakt med meg. Eg skulle ikkje vere deltakande observatør. Den andre grunnen var at eg var redd for

å bruke opp batteriet på mobiltelefonen. Men no i ettertid ser eg at det ikkje var lurt av meg å skru kamera på og av. Dette resulterte i at eg fekk fragmenterte filmsnuttar og eg gjekk glipp av ein del dialog. Eg prøvde å hugsa dialogen men klarte ikkje hugse alle detaljane. I ettertid ser eg at det å stanse filminga også resulterte i at eg har mange små filmsnuttar. For å kunne skilja opptaka har eg difor valt å gje dei opptaka eg nyttar i teksten ulike namn som beskriv observasjonen. I omtale av borna som deltek i leiken har valt å gje borna fiktive namn for å anonymisera det einskilde barn.

Å filme med handhalt kamera

Då eg skulle filme barnehage 2 fekk eg lånt to handhaldne videokamera. På førehand las eg meg opp på metodeteori. Heggstad skriv om det flyktige som forskaren kan fange gjennom å nytta videodokumentasjon (Heggstad, 2012b, s. 231-246). Gjennom det kapitelet fekk eg gode tips, blant anna å ta med ekstra batteri, og tips om å plassere det eina kamera på ein fast plass, der som borna likar å leika.

Før eg tok i mot borna gjekk eg bort til utrommet og surra fast det eina kamera oppi eit tre. Eg trudde at eg hadde plassert det slik at linsa peikte mot elva, men det skulle visa seg at kamera hadde vridd seg slik at det peika mot himmelen. Erfaringa mi med å surre fast kamera var ikkje heilt optimalt. Eg burde nok hatt eit stativ og sikra det slik at det ikkje hadde skridt opp mot himmelen. Dette ser eg på som ei nyttig erfaring og tenker at dei som les denne avhandlinga vil få nyttige tips. Elles så er erfaringa mi at å filme med mobilkamera eller handhalt kamera var ganske likt. No skrudde eg av og på det handhalde kamera og slik som eg gjorde med mobilkamera. I ettertid tenker eg at viss eg hadde filma konstant med mobilkamera i to timar, så er det ikkje sikkert at eg hadde hatt nok batteri sjølv om eg hadde med i reserve.

Videodokumentasjon kan vere krevjande med omsyn til alt teknisk og etisk (jf. Samtykke) så er det og ein moglegheit til å kunne vende tilbake til ein situasjon og kunne oppdage fleire nyansar. Heggstad kallar dette å halde fast ved det flyktige. Heggstad informerer om at ein av

hennar studentar valte å vera deltakande observatør med videokamera, for då kunne ho gå tettare på leiken med kameraet utan at det vart eit forstyrrande element (Heggstad, 2012b, s. 231-246).

I ettertid ser eg at mi tilnærming tidvis likna den studenten sin måte å gjere det på. Som forskar deltok eg i borna si leikeverd, bak kamera. I skrivande stund kjenner eg at dersom eg skulle i gong med eit nytt forskingsprosjekt ville eg no vore mykje tryggare i forskerolla. Eg har vore redd for å feila. I kvalitative kasusstudie har ein moglegheit til å studere i djupna og ved å vera deltakande med kamera i handa ser eg kor detaljrikt materiale ein kan få. Det opnar for å studere i djupna. Denne oppgåva rekk ikkje ta for seg heile det innsamla materialet, men i staden lyse opp nokre leikeaugeblikk som kan bidra til å svara på problemstillinga.

3.5.2 Korleis intervju føregjekk

For å få ein betre forståing rundt fenomenet eg studerte valte eg å ha halv-strukturert intervju med dei vaksne som var med borna. Det halv-strukturerte intervjuet blir og omtala semi-strukturerte intervju.

For å få meir innsikt og forståing valte eg å ha denne type intervju med dei som fylte barnegruppa. Det var viktig for meg at me fekk ein dialog. På førehand hadde eg laga ein intervjuguide som eit utgangspunkt. Spørsmåla eg hadde laga vart stilt der det passa inn i intervjuet. Undervegs i intervjuet kom det fram ting som eg ikkje hadde tenkt på og då måtte eg stilla oppfølgingsspørsmål. Eg opplevde og at informanten hadde sett noko som eg ikkje hadde sett, (Postholm & Jacobsen, 2018). Det resulterte i at eg fekk ei større forståing for kva som hadde skjedd både før og etter at eg filma. Det gjorde at eg fekk dele inntrykka til tre ulike personar ein barne- og ungdomsarbeidar og to pedagogar. Pedagogen som fylte B2 fekk eg samtala med to gonger. Intervju med pedagogen i B2 vart teke ute i utrommet, mens borna leika. På denne måten fekk eg delta i alle informantane si livsverd og deira fortolking av ytringar

med dei fenomena som eg har filma og det som skjedde på staden når me var der, (Kvale & Brinkmann, 2015 s. 357).

3.5.3 Barnesamtale

For å få meir forståing for borna si livsverd valde eg å sjå redigerte filmsnuttar saman med borna, og ha barnesamtale ut i frå det som skjedde i videoklyppa. Eg var her bevisst på å korleis eg møtte og tona meg inn til borna, (Eide & Winger, 2021, s. 53). Eg stoppa filmen og stilte borna spørsmål inspirert av Öhman sin måte å opne barnesamtalar på (Öhman, 2016, s. 207): *Kva leika de her?, kven er de i leiken? Og No fekk de ein annan dialekt, kva er det som gjer det? Eller Sjå der kva skjedde no, kva var det som gjorde at du kom på dette....?* Denne måten å stille spørsmål på resulterte i att eg fekk eit godt innblikk i den dramatiske leiken til borna. Eg var meg bevisst på å ivareta borna si individuelle integritet og styrkje deira identitet og sjølvkjensle. Dette gjorde eg ved å vise interesse for borna sin leik når me saman såg på videoklyppa. Spørsmåla var tilpassa borna sin alder og modning. Borna fekk og samtale undervegs. Eg sette berre filmen på pause da. (jf. Eide & Winger, 2021, s. 43).

3.5.4 Forskarlogg og memoriskrivning

Under prosessen har eg skreve forskarlogg og memoriskrivning. Eg vil fyrst ta for meg forskarlogg. Deretter forklarar eg korleis eg nytta memoriskrivning.

Forskarlogg

Etter kvar gong eg var på det spesifikke utrommet skreiv eg ned kva borna gjorde, og eg skreiv ned tankane mine med ein annan farge. Utan å tenkja over det, starta tolkingsprosessen allereie når eg skreiv loggen. Eg valde føra forskarlogg fordi eg ikkje skulle gløyma kva som skjedde på staden. Forskarloggen ber preg av min subjektivitet. Subjektiviteten er synleg når eg diskuterer med meg sjølv når eg skriv (jf. Nilssen, 2014, s. 42).

Memoriskrivning

Når eg byrja å transkribere observasjonane mine så skreiv eg ordrett det som vart sagt med kulepenn medan mine tankar vart skrive med ein annan farge. Eg hadde fire ulike fargar eg brukte til å notera ulike tankar med. Dei fire ulike fargane var ei koding på same måte som eg leita etter svara på problemstillinga mi. Nilssen skriv og at ho brukte memoriskrivning når ho fekk analytiske tankar når ho var i kodingsprosessen, (Nilssen, 2014, s. 43). Eg nytta meomriskrivning når eg såg gjennom videoopptak og fargekoda funna knytt til forskingsspørsmåla og problemstillinga. Eg nytta og denne forma for fargekoding når eg las litteratur. For når eg las litteratur, hadde eg videosnuttane og loggmaterialet med i lese måten. Desse memoria fekk og ein farge.

Transkribere og koding

Det å gjere verbal tale om til tekst var eit arbeid som kravde full konsentrasjon og det var omfattande og kravde tid. Etter kvart som verbal tale vart omgjort til tekst byrja eg utan å tenkja over det å tolka. I margen skreiv eg mine tankar med ein annan farge slik at eg skulle lett sjå at det var mine tankar. Eg brukte dei same fargane her som eg gjorde over. Kvar kategori fekk sin farge. Eg har brukt ei form for open koding. Det gjorde eg ved å gule ut og skrive kommentarar og streke under ord etter kvart som teksten vaks fram. Eg stilte meg spørsmål undervegs og eg hadde problemstillinga med forskingsspørsmåla liggande på ein papirlapp ved sida av tastaturet. Dette fordi at eg til ein kvar tid ikkje skulle køyre meg på villspor. Eg transkriberte først litt for mykje fordi eg klarte ikkje heilt å sjå at eg var på villspor. Etter kvart som eg vart meir rutinert og tida ikkje strakk til valde eg å transkribere det som hadde med problemstillinga å gjere. Under kodingsprosessen opplevde eg at eg måtte sjå videoklyppet fleire gonger og så las eg den transkriberte teksten. Deretter gjekk eg til teorien og såg kva eg fant der. Dette gjorde eg mange gonger før eg klarte å sjå ein samanheng. Eg måtte og gå tilbake til dialogen eg hadde hatt med borna då me såg videoklyppa i saman (jf. Nilssen, 2012. s. 84).

Forskaren som observatør som dokumentarist og som deltakar i leiken

Mine intensjonar under innsamling av datamateriale var å stille seg på utsida og berre vera observatør og konsentrere meg om å filme. Eg er merksam på at kamera nok vil skape ein distanse mellom meg og borna. I B2 kjenner ikkje borna meg, slik dei gjer i B1. B2 har kunn møtt meg ein gong, i deira utrom i ein skog.

Eg gjer meg klar. Forskaren i meg er heilt klar for å observera frå utsida, eg skal vera meir eller mindre usynleg. Eg trykker på record-knappen, no er eg i gong. Så skjer det som ikkje skulle skje. To av jentene ser opp på meg, dei vender blikket sitt vekk frå bøttene sine, vekk frå sølevatnet og gjørma, og stirrar mot meg: «Kva gjer du, kva er det du har i handa?» Eg må svare dei, eg er visst ikkje usynleg, eg er faktisk til stades med heile min kropp. Tankane mine går no tilbake til teorien eg har lest om hermeneutikk og fenomenologi. Det handlar om det ein kan sjå med auga. Borna kan sjå meg, eg er ein levande person, eg er ingen statue, eg er fysisk til stade. Eg svarer, «Eg har eit video kamera, eg filmar leiken dykkar». Eg er her for å observera borna, men før eg kjem i gong har borna allereie starta si observasjon av meg. No skjer det som er eit skifte i min refleksjon og korleis eg tenkjer kring dramatisk leik. Det er eit vendepunkt.

Plutseleg blir det tydeleg for meg at den vaksne i barnehagen er viktig for borna sin dramatiske leik. Eg har vore opptatt av å studere den dramatiske leiken til borna i utrommet, for å oppdage kva det er med denne staden og korleis den stimulerer leiken. Men noko eg ikkje har vore merksam på er den vaksne si rolle i den dramatiske leiken. Situasjonen er at den vaksne frå barnehagen må hjelpe eit barn på do. No er det jentene og eg. Eg er framleis bak kameran. Jentene inviterer meg inn i leiken. Eg blir med inn i leiken medan kameraet går.

Når forskaren blir deltakande

I situasjonen eg viser til over strevde eg med rolla som forskar som skulle stilla seg på utsida då eg vart invitert inn i leiken. På den eine sida skulle eg dokumentera leiken på den andre sida vart eg gripen av leiken. Eg kjenner og at eg er glad for at eg ikkje skrudde av kamera, men filma heile hendinga. Då pedagogisk leiar måtte hjelpa ei jenta på do fekk eg raskt ei rolle i leiken. Dette er andre gongen desse borna er på denne plassen og tredje gongen dei møte meg. Eg skulle vere «usynleg». Det kan vera verdt å spørja: Er det noko med min veremåte som gjer at dei inkludere meg? Når jentene snakkar til meg klarer eg ikkje å la vera å svare dei. Eg er fysisk der, eg er synleg. På dette tidspunktet er eg den einaste vaksne. Eg blir invitert inn i den dramatiske leiken. Dette er eit døme på korleis den dramatiske leiken fortset viss pedagogen aksepterer invitasjonen, jamfør den leikne pedagogen (Thoresen, 2019). I dette døme blir pedagogrolla særleg synleg, parallelt er forskarrolla til stades gjennom filminga. Ein annan refleksjon er at videokamera ikkje såg ut til å skapa avstand mellom forskar og forskarobjekta. Ei orsak til dette kan vera at samfunnet er blitt så digitalisert at borna er vand med at dei blir teke bilde av og filma, av foreldre og av personalet i barnehagen som skal dokumentera kvardagen. Dette er kanskje ei orsak til at borna ikkje synleg reagerer på filming som eit framandgjerande element. Riktig nok fekk eg spørsmål om kva eg heldt på med, men svaret vart kjapt godteke. Under barnesamtalen når borna og eg samtala og såg på opptak av leiken var det ingen av borna som kommenterte at eg filma hendinga.

Eg går tilbake til byrjinga av videoklyppet, der eg viser interesse etter å ha blitt teken kontakt med. Eg kunne ha latt vera å svara, men eg bekrefta og eg stilte eit nytt spørsmål: «Kva trur du at Kaisa seier då» og vidare «Er dette ein slik prompe-bæsj-restaurant?». Dialogen var opna. Eg kunne sjølvsagt svara, «Eg kan ikkje snakke med dykk, eg skal kunn filme leiken». Om eg hadde gjort det så veit eg ikkje utfallet, kanskje dei hadde stoppa å leika, kanskje dei hadde akseptert svaret og fortsett leiken, eller kanskje hadde gått og leika ein annan stad. For meg er det heilt utenkjeleg å ikkje svare når nokon snakkar til meg. Kanskje eg burde ha reflektert meir over rolla mi som forskar. Metodelitteraturen har vore inne på at ein ikkje kan vera usynleg når eg er til stade med heile seg. Målet mitt var å vera ikkje-deltakande i borna sin leik. Det eg ikkje hadde tenkt på var kva eg skulle gjere om eg vart invitert inn i leiken. Wolf informerer om at

når vaksne oppfattar borna si leikande initiativ og svarar tilbake på leikande måtar, kan borna oppleve at deira leikande bidrag bekreftast, at deira leikande uttrykka får kraft (Wolf, 2014, s. 119). I desse orda finn eg støtte fordi eg kjente på at dersom eg ikkje hadde svart på borna sitt tilbod, så kunne eg øydelagt krafta i leiken.

3.5.5 Ethiske vurderingar

Det var viktig for meg å tenke over dei etiske vurderingane når det gjeld å forske på born. Eg var meg bevisst å bruke fiktive namn og eg søkte NSD om tillatelse til forskinga, samt at føresette til borna fekk informasjon om prosjektet. Dei vaksne som fylte borna fekk og eit informasjonsbrev som dei skreiv under på. Bilete som blir brukt i avhandlinga har eg også fått løyve til å bruke (i tråd med etiske retningsliner (NSD) og Postholm og Jacobsen som peiker på at forskaren må diskutere etiske prinsipp og reflektere over dei (Postholm & Jacobsen, 2016, s. 134). Eg informerte og borna om at eg skulle sjå på korleis dei leika i dette utrommet.

3.5.6 Forskarblikket

Etter mange timar med observasjon, analyse og studie av teori kunne eg finne ei forklaring på problemstillinga mi. Problemstillinga har blitt endra mange gonger. Undervegs har eg og lært. Ein av erfaringane eg gjorde meg og som eg har med meg i bevisstheita er at når eg er til stades som forskar, så kan eg ikkje tru og tenkja at eg skal vera usynleg. Det fordi eg er til stades, og når eg er til stades så er det logisk at borna tek kontakt med meg.

3.7 Metoderefleksjon

Å forske innan den kvalitative metoden har vore givande og krevjande. Eg brukte mykje tid på å finna ut korleis eg skulle bruke metoden for å finne ut av mine funn på ein måte som gav validitet i det empiriske landskapet mitt. Etter at eg valte å gå for å definera forskinga mi for ein kvalitativ kassustudie vart det lettare for meg å holda fokus og ikkje gå for breitt ut. Dette

var nyttig for å avgrensa nærlesing av innsamla materiale. Avgrensing er eit viktig stikkord her og når eg valte kvalitativ kasusstudie så måtte eg strukturere empirien min. Eg fekk tydeleggjort problemstillinga mi og redusert frå tre til to forskingsspørsmål, noko som gav klarare fokus i oppgåva.

Forskarrolla og rolla som pedagog vart det nokre gonger vanskeleg å skilja, særleg i B1 som eg til vanleg arbeidar i. Desse borna veit at eg er ein leikande pedagog. Sjølv om eg valte å nytta andre klede for å signalisera forskarrolla, så gjekk dei raskt inn i det vante mønsteret. Eg gjorde på eit vis det same. Eg kom i ei motstridande konflikt med meg sjølv i skiljet mellom pedagogrolla og forskarrolla. Skifta mellom pedagogen og forskaren blir tydeleg i innsamla materiale fordi eg skrudde av kamera når eg gjekk ut av forskarrolla i B1. Kanskje har denne intensjonen om å stille seg utanfor som ikkje-deltakande-observatør forsterka forståinga av det som er så sjølvstøtt at ein ikkje ser det sjølv. Gjennom denne studien blir det klarare for meg at borna vender seg mykje til den vaksne som gjev dei respons, som stimulerer leiken, som er med på leiken sine premissar og som tek leiken på alvor.

Forskarrolla har bidrege til at eg vert meir merksam på detaljar ved utrommet og korleis borna brukar utrommet på varierende måtar. Ved å forska på den dramatiske leiken har eg oppdaga korleis veret kan verke inn på leiken og stimulera til nye former for fiksjonsleik.

4 Presentasjon av funn og analyse

I dette kapittelet vil utdrag frå innsamla materiale bli presentert og tolka. Materialet er samla i perioden 1. februar til 12 mars 2021. Eg har samla til saman 5.5 timar datamateriale frå fira dagar med observasjon av leik i det spesifikke utrommet, to dagar med barnehage 1 (B1) og to dagar med barnehage 2 (B2). Med omsyn til oppgåva sitt omfang vert eit avgrensa utdrag frå innsamla materiale analysert. Hovudvekta av funn er frå barnehage II der eg ikkje kjenner born og dei tilsette. I dette kapittelet vil funn frå studien presenterast og deretter analyserast opp mot relevant teori.

Problemstillinga er: *Korleis utartar den dramatiske leiken seg for dei eldste borna i barnehagen i eit utrom med tilgang på vatn?*

For å kunna svara på denne problemstillinga har eg valt følgande forskingsspørsmål:

1. *I kva grad er elementet vatn med på å påverka den dramatiske leiken?*
2. *Korleis kjem bornas fiksjon til syne i iscenesetjinga?*

Kapittelet er strukturert på fyljande måte: Først presenterast funn til forskingsspørsmål 1. Eg gir fyrst ei skildring av observert materiale. Denne skildringa er satt i kursiv for å tydeleggjera observasjonen. Når borna har ein dialog så har eg valt å synleggjera den ved å marka dialogen med hermeteikn. Desse utdraga er plassert inni ei ramme. Deretter vil eg tolke funna utifrå relevant teori. Forskingsspørsmål 2 blir presentert på same måte som det fyrste.

4.1 Observasjon og analyse av Barnehage 1 (B1)

Borna i B1 er den gruppa som kjenner plassen og meg godt. Me oppsøker staden to gonger. Den første dagen (01.02.21) har det lagt seg eit islag på overflata til ei lita elv som strekkjer seg gjennom området. Den andre dagen (26.02.21) er vatnet i elva heilt frose. Eg har konsentrert meg om funn frå 01.02.21.

Fjørtoft seier og at ved å utforska eit landskap som borna opplever som sitt eige landskap, vil gje ein meir autentisk undervisningssituasjon for borna. Ho refererer til Stina Johansson som seier at stadbasert læring over tid har vist seg å ha positive læringseffektar innan fleire kompetanseområde i amerikanske skular som har prøvd ut stadbasert pedagogikk. I Noreg har dei fleste skular og barnehagar mogelegheit for ute-undervising og det er å håpe at fleire nyttar seg av dei moglegheitene som ofte ligg rett utanfor gjerdet.

4.1.1 Bruk av elementa vatn og gjørma

Utdrag 1: Romeakebrett og snøkriskrass

Borna utforska isen på den vetle elva. Dei hakkar i den tynne isskorpa som ligg oppå vatnet. Så røyser June seg opp og hakkar i isen med hælen på støvelen.

Ole ropar «Ikkje gjer det!»,

June svarar: «Det er berre isen som sprekk, det er ikkje noko gale». Litt seinare ropa June: «Her går det an å lage slush». Ole svarar: «Her og». Ole og June bevega seg no på isen. Isen strekker seg over eit område på ei to meter lang flate, med ein meter bredde på det breiaste feltet. June og Ole fortset å hakka på isen og så seier Ole, «Det er noko snøkriskras her» og så hakkar han vidare. June seier, «Nei, ikkje gjer det.» Ole svarar: «Eg lagar sånn kriskras.» June har komme heilt bort til Ole. Ho ser på Ole, og seier: «Berre gjer slik du», medan ho gnir vekk eit tynt snølag oppå isen. Ole tek så eit godt tak i rompeakebrettet og løftar det over hovudet og slår det hardt ned i det tynne islaget på vatnet, slik at det sprutar rundt han. Isen sprekk, vatn og gjørma piplar opp. June klatrar lengre opp i skråninga. Så seier ho: «Eg skal i alle fall ikkje ta med den nye motejakka her» Men trekker kjapt ned att og hakkar med hælen sin i vatnet att. Både Ole og June har no laga mange hol i islaget på vatnet. Etter å ha laga det siste holet ser June ned i holet, så seier ho, «Neste gong skal eg ta med eit spett, skjønne du?».

(Frå videoobservasjon, dag 1 B1. Filmklypp «rompeakebrett og snøkriskrass»).

Slik eg les denne videoobservasjonen ser eg at borna er opptekne med å utforske elementa vatn, is og gjørma. Dei er konsentrerte i det dei held på med individuelt og i observasjon av kvarandre. Det at det no har komme eit tynt lag med is oppå vatnet i elva er noko som vekker interesse hjå borna. Både June og Ole er einige i at dei kan lage slush av det dei no finn i den vetle elva. Dei utforskar og hakkar hol i isen. Ole lagar òg nye ord som *snøkriskras* og *kriskras*.



FIGUR 4 ELVA TIL VENSTRE I BILDET. BILETE ER TATT FØR BORNA KJEM TIL STADEN.



FIGUR 5 OG FIGUR 6 JUNE OG OLE LAGAR SLUSH OG NYE ORD

I forskingsspørsmål 1 spør eg etter; *I kva grad er elementet vatn med på å påverka den dramatiske leiken?* Mi tolking er at Ole og June har eit visst samspel der ein tydeleg kan tolka at elementet vatn av ulike slag er med på å stimulera den dramatiske leiken. Dramatisk leik er gjerne forstått som ei fiksjonsleik der borna trer inn i ulike rollar. I følge Heggstad inneber den dramatiske leiken at «[b]orna tar på seg rollar og konstruera ei fiktiv verkelegheit rundt seg mens dei leikar. Borna går inn i og ut av fiksjon etter behov; instruera kvarandre, korrigera handlingsgongen og spelar sine roller» (Heggstad, 2012a, s. 43). I leiken mellom June og Ole vekslar dei mellom å instruera, kommentera og korrigera kvarandre. Det som ikkje er tydeleg i transkripsjonen av videoobservasjonen er kva rolle dei er i. Guss har i si forsking funne at born stort sett er seg sjølve – men når dei er i situasjonar dei kjenner seg att i frå eige liv, eller i oppdikta situasjonar som dei har opplevd sekundært, som til dømes frå media (Guss, 2015a, s. 23). Handlinga går i stor grad ut på å utforske isen som ligg oppå elva. Dei sparkar med hælen, dei sjekkar isen med pinne. Det kan hende at dei har sett vaksne sjekke om isen er trygg på denne måten. Når det går hol på isen og den blanda seg med vatnet og det då tyt fram ein masse får dei assosiasjonar til noko dei kjennar som har ei liknande materialitet: slush. Slush er ein

sommardrikk som bevege seg mellom å vera knust saftis og saft. Ole og June bevegar seg mellom slush-leiken og utforskinga av isen. Wolf hevdar at når borna leikar med naturmateriale, blant anna vatn så utforskar borna og dei lærer om den fysiske verden (Wolf, 2017, s. 75).

Det er slik eg òg tolkar det når Ole og June utforskar isen, og dei rettleiar kvarandre. Når June hakker med hælen så tolkar eg Ole sin spontane reaksjon som om han er redd for at ho skal gå igjennom isen. Ole ropar, «*Ikkje gjer det!*». June tek ei vaksen rolle då ho ropar tilbake, «*Det er berre isen som sprekk, det er ikkje noko gale*».

Det er eg som tolkar at ho tek vaksenrolla og det kan diskuterast om ho då øver seg på rolla som vaksen. Truleg er det ein vaksen ho har observert i ei liknande situasjon som ho her kopierer. Rolla er ikkje definert, men ho forandrar stemmeleiet, stemma hennas er annleis. Det er ei tyngde og ein tryggleik i stemma i det ho ropar tilbake at det går fint. Når June tek den rolege og trygge stemma og seie at det ikkje er noko gale, at det berre er isen som sprekk får eg assosiasjon til Vygotskij som informerer om at borna i leiken kan bli eit hovud høgare enn seg sjølv. Det er i denne leiken June får vidareutvikla sin kunnskap (Öhman, 2012, s. 53). Ho har trakka uti vatnet på denne staden før, så her veit June at det er trygt å utforska isen.

Det at det no ligg eit islag oppå vatnet påverkar den dramatiske leiken på ein ny måte eg ikkje har observert i utrommet tidlegare. Borna i B1 kjenner staden godt. Vanlegvis så pleier borna å samla vatn i bøttene med ause og spadar. No ser eg at dei og samlar gjørma. Det er som om årstida vinteren har innverknad på leiken. Eg har aldri tidlegare høyrte at dei skal lage slush. Slik eg ser det har vinteren vore med på å stimulert Ole til å lage nye ord. Olav B. Lysklett har forska på ute-barnehagar både i inn- og utland. Lysklett påpeikar at naturen innbyr til å bruka fantasi og kreativitet til både å byggja og konstruera (Lysklett, 2013, s. 103). På den måten så har både naturen og vinteren stimulert borna i leiken til å lage slush.

Det kan diskuterast om borna har ein dramatisk leik. Det er ikkje ein slik utprega dramatisk leik der borna spring og har mange ord. Likevel tolkar eg utdraget frå videoobservasjonen som eit

døme på ei etablering av ein dramatisk leik. Ole bringar inn det fiktive gjennom sitt fysiske arbeid med materialet og med orda; slush, kriskras og snøkriskras. Han jobbar aktivt med å skape slushen der han blandar snø, gjørma, is og vatn. Loftesnes har og i sin studie funne ut at borna blir meir kreative av å leike i eit utrom, (Loftesnes, 1998, s. 89). Slik eg tolkar situasjonen då Ole lager det nye ordet *snøkriskras* så er det kanskje is, vatn og gjørma som til saman stimulerer kreativiteten til Ole. Ordet han skapar har òg lyd-bilete element som kan minna om den lyden ein høyrer når tynne islag sprekk når du går på den. Då June seier til Ole «Nei ikkje gjer det, og Ole svarar «Eg lagar sånn kriskras» så tolkar eg situasjonen slik at det er gjørma sin framtrede som sett i gong assosiasjonane til ein fiksjonsleik der dei lagar slush og kriskras. June lagar slush og Ole lage kriskras.

Olaussen nyttar omgrepet Affordance i sin analyse, som er knyta opp til å sjå terrenget og landskapet på ein ny måte. Det ser me også her, korleis endringar i utrommet påverkar og kjem fram i samspelet med leiken. Å oppdage landskapet på ein ny måte kan stimulere kreativt, til å lage mellom anna nye ord og omgrep.

Utdrag 2

June og Ole har hakka hol i isen med kvar sin pinne. June har funne eit islag og slår hardt med pinnen på islaget slik at det sprekk og lager ein «plopp»-lyd. Det pipar ut vatn og gjørma som er blanda med is og snø. June snakkar til massen som pipar ut, ho seier «tit, tit». Etter å ha fått slått hol på isen vert Ole og June sittande å skubba pinnane fram og attende i gjørmeblandinga, ei blanding av vatn, snø, is og gjørma. Det tar to minuttar og seksten sekundar frå ho snakkar med massen og til June seier «æsj».

(Henta frå videoobservasjon B1, dag 1. Filmklypp «tit, tit»).

Utdrag 2, frå videologg 1. februar 2021 synleggjer kor ivrige Ole og June er når dei utforskar isen som ligg som eit tynt lag over elva. June og Ole sit i ei skråning som er ca. ein halv meter brei. Skråninga er dekkja av eit snølag som legg seg nedover mot elva. Der snøen møter vatnet i elva smeltar snøen og ein svart kant med mold og gjørma sig fram, og blandar med lauvblad frå hausten. Borna utforskar isen på elva ved å trø varsamt utpå med den eine foten for å finna ut om dei kan gå utpå. Så får dei kvar sin pinne og byrjar då å utforska isen med pinnane. June slår med pinnen uti is-gjørmeblandinga slik at det lagar eit «plump» og litt av blandinga boblar opp.

Bagøien og Storli har og funne ut at borna let seg bli fascinert av vatn og at borna likar å rote i bakevja med kjeppar (Bagøien & Storli, 2002, s. 64). Det er nettopp det eg observerer når Ole og June sit med kvar sin pinne ved den halvfrosne elva. Dei sit med avslappa kroppar og skubba pinnen fram og attende mens dei ser på blandinga dei får fram. Det er ei form for spenning når June klarer å slå hol i islaget. Da det boblar opp litt masse, snakkar ho til blandinga. Ho seier, «tit, tit». Det er som ho ynskjer gjørma velkomen. Ho helsar. Eg undrar meg om ho her etablerer eit fiksjonslag som like raskt går over i ei meir arbeidande, forskande rolle.

I følge Loftesnes (1998) vert sanseapparatet aktivert og påverka av naturen. Dette finn eg tydelege teikn på når June snakkar til massen som pipla ut. Det verkar som om ho både kan høyra og sjå ploppet som påverka hørselen, i det ho ser massen som boblar opp som ein liten vulkan. I denne samanhengen vert hørsel sansen aktivert. Ettersom gjørmeblandinga ikkje gir ho noko tilbake stoppar det opp og ho fortset å skubbe pinnen fram og attende. Ole på si side sit i si eiga verd og skubbar massen fram og attende, han verkar uvitande om ploppet.

Utdrag 2 er eit døme på at borna er inne i kvar sin leik. Dei spelar ikkje saman her. Når noko oppstår i leiken, og det ikkje er noko respons, tek det raskt ei anna retning. Viss Ole hadde sett og høyrte ploppet, ville han kanskje laga stemma til gjørmeblandinga då June sa «Titt-titt». Då ville det kunne ha utvikla seg eit fiksjonslag og vidare kunne elementet gjørma fått ei anna rolle i den dramatiske leiken. June bevegar seg vekk frå den direkte leiken med gjørma som vart ønska velkomen til å sjå det med eit anna blick: «æsj». Ho uttrykkjer at gjørma har noko ekkelt ved seg.

June og Ole har ei kroppshaldning som eg tolkar som ivrig og utforskande. Dei sit med rumpa halveges nede i bakken og knea peikar framover og litt mot kvarandre. Begge har kroppane framover lente mot elvebredda og dei held eit godt tak i kvar sin pinne med begge hendene sine. Dei sit der og vekslar på å slå, dyppe og skubba pinnen fram og attende mellom snøen som ligg på skråninga og ned i gjørmeblandinga. Når dei skubba pinnen fram og attende brukar June berre den eine handa, mens når ho slår brukar ho begge hendene og overkroppen fyljer rørslene til armane. Snøen som blir blanda med gjørma smeltar og isen sprik så bitane med is flyt på

elva. Ole dyppar pinnen sin ned i blandinga og skubbar den fram og attende slik at det blir ei svart hòle som fyller seg med vatn frå elva. Ole sit og observerer det som skjer, han seier ingenting. Han er i eitt med elementa. Meleau-Ponty seier at det er med kroppen vår me opplev(er) og sansar verda (Gladsø mfl., 2015, s. 202). Ole nyttar ulike sansar, dei som er mest nytta er den auditive og den taktile. Han har blikket på pinnen når han skubbar den fram og attende. Han kjenner pinnen han har i handa. Gjennom dei gjentakande rørslege handlingane som kroppen er med å utføra er han i eit med elementa.

Bagøien og Storli hevdar at vatn har ei magisk kraft på born fordi vatnet alltid er i rørsle og at det gir moglegheiter for ulike aktivitetar (Bagøien & Storli, 2016, s. 64). Ole og June utforskar vatnet som har frose til is. Dei klarer å hakka hol i isen slik at vatn og gjørma som er i rørsle piplar opp.

Dei responderer ulikt. June byrjar snakka med gjørmeblandinga, medan Ole har eit indre uttrykk. Kanskje han planlegg kva han skal gjera. Det at vatnet er i stadig rørsle er kanskje noko som opptek han. Når han skubbar is, vatn og gjørma fram og attende slik at det lagar ei grop, kan det henda at det at gropa stadig vert fylt opp av det rennande vatnet, er det som opptek han. Videoobservasjonen kan ikkje gje svara på dette. Det fangar ikkje opp den indre leiken til Ole. Kanskje er han i ein dramatisk leik.

Utdrag 3: Ole får fisk

June går for å leike med Sanna. Ole reiser seg og stiller seg med breie bein og med begge hendene løfter han pinnen over hovudet, kroppen fylgjer rørslene til armane. Først svingar armane med pinnen bakover og deretter framover så «snøret» landar i gjørma. Han får ein gåvebandtrommel på «kroken» og ser bort på meg som ser på han gjennom katedralinsa. Han seier, «Eg har fått fisk» Han snur seg mot meg og seier, «Det er fisken min». Eg responderer, «Er det fisken din?» Ole seier «ja, sjå på den fisken» Han held «fisken» fram mot katedralinsa. (Henta frå videoopptak B1, dag1. Filmklypp, «Ole får fisk»).

Situasjonen i ramma er ei fortsetjing av situasjonen der June og Ole responderer ulikt når gjørma kjem opp gjennom sprekkane i isen. I ettertid slår det meg at Ole kan ha planlagt at han skulle bruke pinnen til fiskestong då han sat heilt stille. Fjørtoft informerer om at ein bekk kan representera og stimulera borna si sansemotorisk utvikling og gje rom for utfordring og spenning. I Fjørtoft sitt perspektiv kan eg tolka situasjonen slik: Elva kan ha vore med på å stimulera Ole til å gå inn i rolle som fiskar. Ole er her ein fiskar som får fisk. Ole syner fram sin fiskekompetanse. Han har gjerne vore ute og fiska med nokre vaksne eller sett det på film tidlegare. Om Ole veit at når ein fisker så kan ein få fisk, går eg utifrå, for når han får gåvebandtrommelen på kroken så seier han «Det er fisken min». Med denne replikken forklarar han at gåvebandtrommelen symboliserer ein fisk. Her ser me og eit døme på symbolbruken som Heggstad og Guss omtalar. Dette er og eit døme på scenografifunksjonen der pinnen og gåvebandtrommelen vart omgjort til det som Ole trengte i leiken. Heggstad skriv og at nokre rekvisittar og kombinasjonar av rekvisittar kan styra assosiasjonane sterkare, (Heggstad & Heggstad, 2022, s. 159).

Ole er i rolle som ein fiskar som no har fått fisk og samstundes er han på utsida og forklarar fiksjonen. Guss seier at borna sin late-som-om leik har sitt utspel frå menneska si undring og trong til å forstå verda som me lever i (Guss, 2015, s.10). I leiken ser me at Ole utforskar og eksperimenterer med verkelegheit og fantasi som fiskar.

Vygotskij forklarar samanhengen mellom fantasi og verkelegheit på fir(e) ulike måtar. Eg legg vekt på den første her. Det er at alle fantasiskapningar alltid er tufta frå verkelegheita, (Öhman, 2012, s. 52). Vygotskij seier og at leik og fantasi bruker minnet som ei kjelde for si verkelegheit. Minna om det ein har teke gjennom sansane og minna om følelsar ein har hatt. Leik er ofte ein slags reproduksjon av noko som har hendt tidelegare, (Olofsson, 2004, s. 78). Med Vygotskij sin teori tolkar eg Ole sin dramatiske leik som fiskar slik: kreativiteten og fantasien vart stimulert ved at pinnen vart til fiskestong og gåvebandtrommelen vart til ein fisk. Det er òg noko som er tufta på verkelege hendingar, at ein kan fiske og få fisk.

I teoridelen viser eg til Guss, der ho har funne ut at born omformar gjenstandar og rekvisittar til det dei treng i leiken, for å driva den framover. Slik eg ser det var det Ole gjorde når han omforma pinnen til fiskestong og gåvebandtrommelen til fisk. Det kan sjå ut som om vatnet i elva kan ha stimulert han til å omforma konkretane til det han treng i leiken som fiskar.

4.1.2 Refleksjon rundt fiksjon i leik åleine og i samspel

Mitt andre forskingsspørsmål handlar om å få auge på fiksjon: *2. Korleis kjem bornas fiksjon til syne i iscenesetjinga?*

June vekslar på å gå ut og inn av fiksjonen. Ho inntek ulike rollar. Den forskande, den vaksne, iskontrolløren og servitøren. Eg tolkar det dit hen at ho vekslar mellom å vera servitør som lagar slush og serverar den, til at ho er forskaren som ser kva som skjer når ho hakka hol i isen med pinnen. Noko anna som er interessant i leiken til June er rørsla mellom gjørma som sløsj, bæsje, noko ekkelt, til noko så godt som sjokoladeslush. Ho leikar seg i det burleske. Ho utforskar grenser og minner kanskje seg sjølv på grensene ho kjenner når det gjeld gjørma og skit. For mens ho sit ved elvebredda seier ho, « eg skal i alle fall ikkje ta med den nye motejakka her». I dette avsnittet er det fleire moment som eg vil knyta teori til. Det er fiksjonen i leiken til June at ho tek med seg ein pinne inn i iscenesetjinga. Som tidligere nemt informerer Guss oss om at når born er i si late-som-om leik, så er det eit utspel og ei trong for å forstå verda som me lever i. June utforskar vatnet som har vorte frose og ho får assosiasjonar til slush når ho ser på blandinga ho har fått på pinnen sin. Når ho har hakka gjentekne gonger ved elvebredda og det kjem fram ei gjørmeblanding får ho også andre assosiasjonar, som at blandinga liknar på bæsje. Her kjem Guss sin teori tydeleg fram. June leikar ut og utforskar verdi me lever i og ho set ord på tankane sine. Eg tolkar det slik at ho går inn og ut av fiksjonen. Då ho rotar nedi elvebredda og grev fram ein tjukk blanding som er av gjørma og vatn seier ho: «æsje» og fortel meg at det liknar på bæsje. Her går ho ut av fiksjonen. For litt sidan var ho servitøren som serverte slusj.

Dramaforskarane Guss, Sæbø og Slade har forska på borna sin leik og har også observert at borna finn gjenstandar som dei tek med seg inn i leiken og omformar til det dei treng i fiksjonen for å føra leiken vidare. June omformar pinnen til ei hakka, ein rørepinne og eit serveringsreiskap.

Ole omformar pinnen sin til fiskestong etter at han har sete og bruket den til å utforske massen ved elvebredda. Eg vil fortsetja med å drøfte Ole sin fiksjon. Han er fokusert i leiken og arbeider i isen med pinnen. Han har kanskje erfaringar frå å sjå vaksne kontrollera om isen er trygg i måten han testar isen med ein fot. Han forhald seg og til den vaksne som kjem med pinnen og han går rett inn i ein repeterande rørsle der han ikkje seier noko, men er på eit vis i eitt med elementa. I den andre leiken eg får auge på gjennom videoopptaket er når pinnen blir til fiskestong. Han inntek ein ståande posisjon og er tydeleg inne i fiksjonen når han får «fisk». I sekvensen som fiskar så tek Ole kontakt med meg og ynskjer å dele med meg at gåvebandtrommelen er blitt til fisken hans. For meg ser det ut som om pinnen, gåvebandtrommelen er viktige element i utforskinga av vatn og i iscenesetjinga av fiksjonen.

Paulsen refererer til den sveitsiske barnepsykologen Edouard Clapared som seier at det er ein nær samanheng mellom leik og kunst. Han informerer vidare om at borna lever ut sine indre førestillingar og fantasiar (Paulsen, 1999, s.75). Altså kan eg tolka Ole sine indre førestillingar og fantasiar dit hen at han sat der med pinnen filosoferte han over å bruka den som fiskestong. Hans indre førestilling var kanskje å fiska og ved hjelp av fantasien skapte han eit univers der han gjekk i rolle som ein fiskar, og då han fekk gåvebandtrommelen på kroken vart den kjapt omforma til fisk.

Under utforskinga av det frosne vatnet på elva så hadde June og Ole eit visst sampel, då dei utforska isen som hadde lagt seg oppå vasskorpa. Nye ord kom til. Nokre gonger gjekk Ole i fiksjon åleine, slik som då han gjekk i fiksjon som fiskaren som fekk fisk.

4.1.3 Oppsummerande refleksjon rundt datamaterialet i B1

I empirien kan eg sjå aktive born som utforskar rommet på ein ny måte. Forskarblikket har nok innverknad, men også årstida. Vanlegvis så brukar me ikkje denne plassen når det er is og snø ute. Observasjonane synleggjer at is, snø og gjørma hadde ein stor rolle i leiken, den vart omforma til noko etande og June tykte og at den likna på bæsje. Tidlegare har eg lagt merke til at vatnet er det mest spennande. Med forskarblikket ser eg at vatn i ulik form har inspirert til ein anna dramatisk leik og at borna gjekk inn i ein fiksjon. Slik som Ole heilt tydeleg gjorde som fiskaren. Ein annan observasjon eg gjorde var at borna tok med seg pinnar og anna konkreta dei fann i rommet med inn i fiksjonen. Ole lagde og nye ord. Det vart tydeleg at borna brukte konkreta dei fann i naturen, saman med vatnet i ulike former, inn i den dramatiske leiken og inn i fiksjonen.

4.2 Observasjon og analyse av barnehage 2 (B2)

Eg har møtt borna i B2 ein gong tidlegare i deira utrom, i ein skog. Det var stas å møte dei på denne staden der borna var i sine vante omgivningar. Då eg var der avtala me å møtast neste gong, på parkeringsplassen til B1.

Barnehagebussen til B2 køyer inn på parkeringsplassen til B1 og parkerar. Når eg ser barnehagebussen parkera, er eg spent på korleis både borna og pedagogen som er med vil møte det spesifikke utrommet, og korleis borna vil leika der. Saman går me til utrommet, som ligg nokre minuttar unna parkeringsplassen. Borna som er med har eg valt å kalla Mia, Turid, Marit, Tora, Nina og pedagogen omtalar eg som Kaisa.

Eg følgjer her same struktur som i 4.1: eg presenterer eit funn frå studien og deretter analyserer eg opp mot relevant teori. Eg vel å repetera problemstillinga att: *Korleis utartar den dramatiske leiken seg for dei eldste borna i barnehagen i eit utrom med tiggong på vatn?*

For å kunne svare på denne problemstillinga har eg valt følgjande forskingsspørsmål:

1. *I kva grad er elementet vatn med på å påverka den dramatiske leiken?*
2. *Korleis kjem bornas fiksjon til syne i iscenesetjinga?*

Fyrst presenterast funn til forskingsspørsmål 1. Eg gir fyrst ei skildring av observert materiale. Denne skildringa er satt i kursiv for å tydelegare skilje observasjonar frå tolkingar, og for å synleggjere transkriberte utdrag frå video og logg har eg valt å lage ei innramming rundt slike tekstutdrag. Etter presentasjon av funn på forskingsspørsmål 1, så vil eg gjere ei systematisk tolking av funna og samanlikne korleis mi tolking står opp mot relevant teori, og eventuelt dømme som kan likna eller vera ein kontrast til det spesifikke funnet.

4.2.1 Vatn si rolle i den dramatiske leiken

Den første dagen brukar borna deler av dette store utrommet. Kaisa er heile tida ein aktiv vaksen i borna sin leik og når ho sit litt på utsida blir ho raskt invitert inn att i leiken. Kaisa er ein pedagog som «verkar» og som jentene inviterer med inn i leiken og fiksjonens verden.

Utdrag 4a: Å samle vatn og gjørme

Jentene er nede på brua og samlar seg vatn og gjørme fire gonger. Dei sit på huk og fangar opp vatn og gjørme med både spadar og ei ause. Nina har funne ut at om ho tek djupt nedi elva med spaden så får ho opp gjørme. På linsa får eg sjå korleis ho samlar gjørma. Ho sit på huk på brua, så tek ho heile spaden nedi elva. Ho får då både vatn og gjørma på spaden. Vatnet heller ho forsiktig av og gjørma heller ho oppi bøtta. Dette forset ho med til ho har fylt bøtta med gjørma. Vel oppe der dei fire jentene er set ho bøtta på gruvekanten. Dei andre jentene har funne fram dei fem silikon muffins formene som bur på staden. Mia har og funne seg vatn i ei bøtte, ho sit og fyller ausa med gjørmevatnet og heller det opp i bøtta att. Når ho heller vatnet opp att i bøtta har ho ausa ca. 30 centimeter over bøtta. Ho heller vatnet ut av ausa i ein lang sakte stråle. Vasstrålen følgjer ho med auga. Etter ei stund har ho laga skum oppå vatnet. Mia ser på resultatet og seier, «Eg har laga kakao, vil du smake Kaisa?». Kaisa tek ein «slurk» av kakaoen, så ser ho nærmare og så ser ho at det er skum på. Ho tek

av seg votten samtidig som ho seier, «Eg likar å smake på kremen slik.» Ho tek peikefingeren nedi «koppen» (tom emballasje) fangar opp skummet (kremen) på fingeren og late som ho sleiker det i seg. Tuva legg no merke til skummet som har danna seg på toppen av bøtta til Mia og ho lurar på kor Mia fant det. Mia seier, «Det berre kom». Så sit ho og ser ut over staden. Det er som ho no sit og filosofere over korleis skummet kom. (Forskarlogg til videoobservasjonen; «Å henta vatn og gjørme», B2, eit minutt og 36 sekunder)

I datamaterialet mitt finn eg det interessant å studere nærmare korleis Nina utforskar gjørma. Loggnotatet mitt over syner at Kaisa og dei fire jentene utforskar området og elva som er tetta att, mens Nina har funne seg ei bøtte og informerer om at ho treng vatn. Kaisa seier at ho berre kan legga seg ned på brua og hente opp vatn. Nina går ned til brua, legg seg på magen, halveges oppå den gamle brua. Ho strekkjer ut handa som ho har bøtta i og duppar den nedi vatnet slik at ho får samla seg ei halv bøtte med vatten. Dei andre er no ferdige med utforske området og den dramatiske leiken startar å ta form. Det er mykje familieleik der matlaging er ein viktig del av leiken.

Utdrag 4b: Når gjørma blir til mat

Turid, Marit og Tora har no igjen vore nede og funne seg vatn frå elva. Nina har samla gjørma i bøtta si og set den frå seg på gruva. Marit ser opp i bøtta til Nina så seier ho, «Eg treng gjørme». Nina tek no handa ned i bøtta og gir til Marit. Marit tek spaden opp i bøtta til Nina og heller gjørma over i si bøtta og rører rundt. Nina fortset å bruka handa. Når Mia har fått ein god blanding av Nina si gjørma oppi bøtta si og har rørt litt rundt, så seier Mia, «Det ser akkurat ut som muffins». Eg må innrømme at dei assosiasjonane får eg og. Det er som eg får lyst til å ta fingeren nedi «deigen» og smake på. Eg er tett på med kamera og lever meg inn i leiken deira. Mia heller røra over i muffinsformene. Nina har no gått over i ei individuell utforsking av gjørma. Ho ensar ikkje dei rundt seg. Mia, Turid, Marit og Tora planlegg no å lage ein magisk tryllemuffins som dei vil servere til Kaisa. (Forskarlogg til videoobservasjon, B2, videoklipp «Når gjørma blir til mat», B2, del b.)

I denne skildringa av datamaterialet ser eg at vatn og gjørma spelar ei stor rolle i leiken som omhandlar matlaging. Jentene er stadig nede på brua og hentar seg vatn og gjørma. Dei blandar det saman og innimellom samlar dei blad frå bakken som dei blandar inn i blandinga. Buaas skriv at vatn eignar seg for mange spennande og lystprega leikar, og at det er eit materiale å utforska for born i alle aldra (Buaas, 2016, s. 135). I leiken over er gjørma og vatn ein viktig ingrediens til matlaginga. Mia lagar krem til kakaoen. Nina samlar gjørma som vert ein viktig ingrediens til muffinsane. Eg stiller meg mange spørsmål knytt til elementa vatn og gjørma. Kvifor er desse elementa så attraktive i leiken? Ein kan undre seg over om borna har ei kjensle av kor viktig vatn er for menneske? Kroppen treng vatn for å virka, blommar og dyr treng vatn for å veksa og overleva. Borna blandar vatn, gjørma og blader slik at dei får ein konsistens som liknar det dei gjerne har observert vaksne laga noko av på kjøkkenet heime. Det er som om dei kopierer den vaksne. Kanskje har dei sjølv erfaringar frå å vera med på å lage muffins på kjøkkenet saman med ein vaksen. Strandberg seier at det å imitere er at borna allereie har starta ein læreprosess fram mot det å forstå (Strandberg, 2015, s.63). Slik eg tolkar dette så hentar borna fram daglegdagse aktivitetar som dei har sett andre rollemodellar bruka mediet vatn til.

Guss skriv at borna utforskar og eksperimenterer med eit utsnitt av vår verkelegheit og fantasi som fascinerer og opptek oss (Guss, 2015, s. 30). Her får jentene utforska det å lage muffens og dei kommenterer at det liknar det dei vaksne lagar på kjøkkenet heima. Det er ikkje berre i observasjonane frå leik på den spesifikke utrommet at born er oppteken av vatn og gjørma. På fine solfylte dagar spør ofte borna etter vatn når dei leikar. Dei ynskjer å blande mold og sand saman med vatn. I denne delen av kapittelet har eg skildra korleis borna brukar vatn og gjørme til matlaging. No skal eg synleggjera korleis maten dei lagar er med på å påverka den dramatiske leiken.

4.2.2 Vatnet sin påverknad på den dramatiske leiken

Utdrag 5a: Servering av prompepulver

Jentene går no småfnisande bort til Kaisa. «Hei me har laga prompepulver, vil du smake?» Kaisa svarer: «Då vil eg ha masse tiger-jett-pulver». Jentene ser no på kvarandre. Turid seier ja ok. Kaisa er med på leiken og seier vidare, «Ja, og då fyker eg berre av garde!». Tora spring og gøyme seg bak eit tre. Det er som om ho ventar på at Kaisa skal fyka av garde. Kanskje ho er redd for at Kaisa skal eksplodera og at det er orsaka til at Tora har gøymt seg bak treet. Tora står der nokre sekundar og gløttar fram. Når det ikkje skjer noko så lurar ho seg tilbake til Turid og Marit. Dei er no i gong med å servere Kaisa tryllemat. Marit dyppar ein lang tynn pinne ned i den raude bøtta og rekker pinnen fram mot Kaisa og seier, «No har du blitt trylla om til ei prinsesse!». Kaisa informerer om at ho har blitt til den «Fine Prinsesse-vil-ikke». Forskarlogg frå videoobservasjon, B2, «Servering av prompepulver».

Turid, Marit og Tora har no planlagt korleis dei skal få servert Kaisa dei magiske prompepulver muffinsane. Mens dei sit og røre i vatn-gjørmeblandinga kviskrar dei til kvarandre. Eg klarar ikkje å fange opp alt dei seie, berre at Kaisa skal få smaka på prompepulver muffins og så ler dei. Kaisa sit på ein stubbe to meter frå jentene. Kroppen til Kaisa er open, og ho har eit lurt smil rundt munnen. Mens jentene tiskar og viskar ser eg at Kaisa smile, jentene ser bort på Kaisa mange gonger. Det er som om dei spør henne med blikket «Er du med på leiken?». Når eg ser på borna sit samspel med Kaisa får eg igjen assosiasjonar til eit kapittelet, som tidlegare nemnt, av Thoresen «Virker du?» (2019).

Thoresen studerer korleis den vaksne sin framtoning i møte med born verkar, eller påverkar den dramatiske leiken. Ho peikar på at nokre som arbeida i barnehagen har eit naturleg leikande vesen, mens andre må øve seg på å finne det fram. Kaisa er ein pedagog som «virkar» og det

veit jentene. Eg kan sjå teikn på denne på lysta til å leike allereie heilt i starten, då borna var ferdig med å utforske utrommet. Då lurte Kaisa på: «Kva skal me leika?». Slik gir ho teikn til borna at ho er ein av dei og at ho gjerne vil vere med på leiken. Ho likestiller seg med jentene og jentene er raske til å respondere på spørsmålet. Dei visar tydeleg at dei likar at ho er med i leiken, sjølv om ho ikkje tek ei dominerande rolle. Eller er det kanskje det at ho innstiller seg på og tilpassar si rolle, etter det ho observerer at borna treng i den dramatiske leiken? Når jentene serverer prompepulver testar dei den vaksne og dei testar deira eigen fantasileik.

Utdrag 5b: Korleis verkar pulveret?

Jentene serverer Kaisa mykje tryllemat og drikke av pinnar og med ein spade. Kaisa får no litt trylledrikk frå ein spade og seier med ein skummel tone på austlandsdialekt, «Jeg ble til den onde prinsessen!» etterfølgt av ein mørk latter, ein skummel hekselatter. Under latteren fell det litt gjørma ned på regnbuxsa til Kaisa. No får Kaisa ei lys og mild stemme, mens ho ser på gjørmeflekken som sklir utover på regnbuxsa. «Å, nei! Den nye kjolen min». Ho strekker ut handa samtidig som auga hennes følger handa og ho later som ho kostar vekk flekken som sklir nedover låret på regnbuxsa, som no er den nye kjolen. Tonefallet til Kaisa har endra seg. Det er mildare og ikkje lenger det eg assosierer med ei vond heks lenger. Eg undrar meg på om ho i fiksjonens verden har vorte ei snill og bekymra prinsesse som trur ho har fått kjolen sin øydelagt. Tora har ein tynn liten kvist i handa si, ho fører kvisten ned på «kjolen» og lagar eit penselstrøk over flekken. Tora har eit mildt og omsorgsfullt blick der ho prøver å få vekk flekken. Mens ho held på å prøve å få vekk flekken sklir den meir utover buksa. Kaisa, «Å, kan du hjelpe meg, å få den vekk?». Kaisa har eit vennleg, smilande og forskrekka blick mot Tora. Mens Tora no held på med flekken seier ho, «Eg måler». Ho går her ut av fiksjonen. Ho er tilbake i si eiga stemme. Kaisa går og over i si eiga stemme når ho svarer, « Ja, det gjer du no». Forskarlogg frå videoobservasjon, B2, «Servering av prompepulver».

Det som er så artig nå er at både Kaisa og jentene får ein annan dialekt når dei går inn i roller. Her blir funna til Heggstad tydelege også i mitt materiale, det som vert tydeleg for meg er korleis borna brukar scenograf-funksjonen og korleis dei går i rolle. Både Kaisa og borna får ein annan dialekt. Borna konstruerer ein fiktiv verden og dei bruker gjørma til å trolla Kaisa om til ei

prinsessa. Dei går over til ei austlandsdialekt. Kva er orsaka til dette? Kan det vere forteljar stemme frå ei film om Prinsesse-vil-ikkje? Eller kan det vere at det me kjenner til at Royal dialekt i Noreg er austlandsk? Endringen i stemma er ein tydeleg markør for fiksjonen i denne leiken. Under barnesamtalen spurte eg borna kvifor dei snakka annleis. To av jentene svara då nesten i kor, «Det er fordi me leika». Straks dei trer ut av denne leiken får dei sine egne stemmer. Mine observasjonar stemmer med det som Gjervan har funne ut. At borna går inn og ut av fiksjonen utan at leiken blir avbroten. Eg observerer at både borna og Kaisa gjer dette.

I sekvensen finn eg og døme på at eit av borna tek rollen som regissør. Marit deler ut ei rolle. Ein kan og sei at Marit er instruktør, fordi ho her fortel Kaisa kva ho skal vera i leiken. (Heggstad, 2012a, s. 43). Marit har si vanlege stemme når ho deler ut rolla. Kaisa tek i mot rolla og seier «Eg elsker å leike skummel heks». I det ho har sagt det endrar ho kroppshaldning. Kaisa røyser seg sakte opp frå stubben. Ho har ein framover lent overkropp mens ho seier med si vonde litt djupare stemmeleie, ei heksestemme: «Pass dere alle barn». Ho går no med ein framoverlent kropp og med raske skritt. Jentene spring og hylar framfor ho. Slik leikar den vaksne saman med borna. Eg tolkar pedagogen slik: Ho stimulerer leiken når ho ser det trengs. Ho er leiken. Ho «verkar». Ho får alle med. Ho er eit godt døme på den leikne pedagogen Thoresen peikar på at ein treng i barnehagen (Thoresen, 2019).

Eg har i denne delen av kapittelet synt fram både korleis mediet vatn og gjørme kan vera med å skape driv i den dramatiske leiken. Eg har og fått auga på den vaksne som medleikar, sjølv om det ikkje var fokuset i denne avhandlinga. Det kunne vore eit emne å arbeide med i ei anna oppgåve.

4.2.3 Utforsking av elementet gjørma

Utdrag 6a: Ei undersøking av gjørma

Etter at Nina har teke handa si ned i bøtta med gjørma og delt med Marit skjer det noko interessant. Nina tek handa si nedi bøtta fleire gonger for å dele gjørma med Marit. Etter å ha gjenteke dette fleire gonger ser Nina på handa si. Gjørma omkransar heila handa og legg seg rundt kvar finger. Gjørma er lett flytande, den har ein yoghurt liknande konsistens med store flak i seg. Nina ser på handa si og dyppar den ned i bøtta att. Ho fyller så ein neve med gjørma. Ho klemmer gjørmemassen saman i handa si slik at gjørma flyt ut over handa og noko landar på bakken. Nina går no bort til Kaisa. Ho tek handa si djupt ned i bøtta att og fanga opp meir gjørma, ho rekker handa si opp mot Kaisa så seier ho: «Kaisa, sjå?» Kaisa bøyer seg fram mot Nina, ser på handa til Nina der ho står og vekselvis opnar og lukkar fingrane slik at gjørma siv ut av den lukka handa. Kaisa bøyer seg framover med overkroppen slik at ho får ein knekk i knea og hovudet peikar mot Nina og auga er festa på handa til Nina. Kaisa, «Å, var det deilig?» Nina svarar eit lite «Ja». Vidare seier Kaisa, «Skilir det mellom fingrane?» Nina nikkar. Kaisa fortset: «Ja, det såg litt deilig ut». No har Tora gått ned på brua og ropar opp til Kaisa, «Eg vil ha gjørma!». «Ja, berre finn du» svarar Kaisa. Nina går no bort att til gruva, der set ho seg ned på bakken. Ho krøllar beina litt under seg slik at rompa er nedi bakken og beina nesten parallelt. Nina tek no handa si ned i bøtta. Ho ser på gjørma som ho har i handa, så byrja ho å smørja massen på utsida av gruveveggen og litt oppå steinane som dannar veggen til gruva. Ho brukar stort sett berre den eina handa. Nokre gonger lager ho ein penselbevegelse og andre gonger bruker ho ei flat hand. Eg tenkjer at ho kanskje støyper. Innimellom så klappar ho på gjørma. Kanskje har ho observert nokon støypa og at ho no bring desse handlingane inn i sin leik. Når ho har fått eit tjukt lag på både gruveveggen og oppå gruva oppdagar ho gåve-band-trommelen, (det same som Ole omforma til fisk). Det er ein svart plastikktrommel. Den har to flate sider med eit hol i midten som dannar ein sylinder. No byrjar ho å fyll gjørmemassen opp i holet i midten av trommelen. Holet er rundt to centimeter i omkrins. Ho sit og puttlar på med å fylla gjørma oppi holet. (Forskarlogg frå videoopptak frå B2: «Ei undersøking av gjørma» varigheit: eit minutt og 45sekund.)

I denne sekvensen er Nina heile tida oppslukt i si utforsking av gjørma. Nebelong seier at borna har rett til å bli skitne og det noko som borna blir i dette utrommet.

Loftesnes trekk fram at sansane vert stimulert på naturleikeplassen og at viss borna skal få utvikla seg på best mogeleg måte er det viktig å få stimulert sansane sine. (Loftesnes, 1998, s.23). I denne observasjonen fekk Nina bli godt kjent med den taktile sansen.

Fasting (2017) og Sanderud (2014) har forska mykje på uteleik og har funne ut at vatn er ein magnet for borna. I si forsking har dei sett borna veit kor vatnet samlar seg. Der kan dei leika i evigheiter, heilt til det har danna seg ei gjørmehola. Då Nina utforskar gjørma her er ho heilt i eitt med elementa. Ho kjenner at gjørma sklir mellom fingrane. Ho kan føle, lukte og ho kan kjenne korleis gjørma omkransar handa og fingrane. Når ho sit og måler gruva gir det meg assosiasjonar tilbake i tid. Då dette materialet vart brukt til å tette att husvegger. I nokre land er jordhytta framleis i bruk som bustad.

Litt seinare i denne utforskinga måler Nina seg i andletet og ho smørjer gjørma utover på regnbuxsa si. På denne måten sår ho fleire erfaringar og sanslege opplevingar på korleis dette mediumet verkar, direkte på eiga hud i andletet. Merleau-Pontys meiner at menneskekroppens forhold til omgivnadane allereie byrjar gjennom før-språkleg sansing, og at mennesket har ein intensjonalitet som allereie frå byrjinga av rettar seg mot verda; mot dei menneskelege og materielle omgivnadane borna inngår i.

4.2.4 Med gjørma under støvlane

Utdrag 6b: Vandring i gjørmevatnet

I den vidare utforskinga tek Kaisa med seg borna ut i gjørmevatnet. Ho har eit barn i kvar hand når ho trør uti gjørma først med høgre foten så den venstre. Jentene som ho har eit godt

tak i kvar hand verkar usikre når ho trør uti. Dei held seg litt bak henne. Uttrykket i andleta tolkar eg som «har me lov til dette». Kaisa seier: "Kom då. ;e må kjenna korleis gjørma er». Eg høyrer eit slurp og så eit slurp til i det støvlane deira møter gjørma. No er alle fem jentene uti og kjenner på gjørma med støvlane. Andleta til jentene lyser opp med smil og latter. Kaisa løftar opp foten, eg kan sjå at ho må bruke litt krefter. Jentene som er uti må bruka kreftene sine for å løfta opp føtene sine. Underlaget dei no trør uti reagerer på ein annan måte enn der det er vatten, mose, berre jord eller fjell. Gjørma fungerer som ein sugekopp, gjørma suger føtene til seg. Det blir vanskeleg å løfta føtene opp. Nina får erfare å setja seg fast i gjørma. Ho har gått så langt ut at ho ikkje klarer å løfta opp føtene sine. Borna får nye erfaringar, underlaget er ustødig, eg ser at dei slepper handa til Kaisa. Men når dei merkar at underlaget er fleksibelt og ustødig vert dei usikre og ser etter ei hand å halde i. Det er fint å sjå korleis dei hjelper kvarandre vidare. Turid mister balansen og prøver å ta tak i Mia, men før ho rekk å ta tak i Mia har venstre handa kome ned i gjørma. I det ho mister balansen og handa treff gjørma kjem det eit lite skrik. Handa er for langt ned i gjørma, heilt opp til handleddet. Gjørma dannar eit tjukt lag på handa hennar. Massen er våt, kald, ru og klissete og eg kjenner ei svak lukt. Det undra meg litt at ho ikkje kommenterer lukta. Turid likar ikkje å få blandinga på seg, så den vert vaska vekk i elva. Det er interessant å sjå kor ulikt borna reagerer og korleis den vaksne tek borna med på ei utforskande vandring i gjørma. (Forskarlogg frå videoobservasjon av B2, «Vandring i gjørmevatnet»)

Då Kaisa leda seg sjølv og jentene uti gjørma tolka eg jentene som usikre, som om har me lov til dette. Vanlegvis opplever nok borna å bli stoppa når dei leikar på slike plassar, dei vaksne ynskjer kanskje ikkje meirarbeid med å vaska regnkleda. Wolf har gått inn i forskingsmateriala til Gopnik (2009b) som hevda at borna ikkje treng leiketøy med pedagogiske hensikter. Men at borna treng å få leike med kvardagslege objektet og dermed få moglegheit til å førestilla seg og bli presentert for *open-ended material* slik som eksempelvis naturmateriale. Noko som kan bli til alt mogeleg.

I funna mine har eg vist fleire eksempel på korleis gjørma har vorte brukt. Berre litt repetisjon på det, muffins, maling til støvlane, støyping og utforsking på gruva, smørje seg i ansiktet, tryllestøv og kakao. Vidare skriv Wolf at utandørs leikeplassar med tilgang på natur, søle og

gjørma er spesielt ideelle og inspirerende stader for born (Wolf, 2017, s. 75). Det er noko som eg fanga på linsa når Kaisa leda borna ut i gjørma. På denne måten fekk borna utforske underlaget på ein trygg måte. Dei fekk kjenna på spenninga, kva som skjedde når dei trekte opp føtene og Turid fekk erfara å setja seg fast slik at ho måtte ha hjelp. No var det ei trygg ramme rundt, men jentene fekk utforska og kjenna på krafta som gjørma har. Fjørtoft og Reitan skriv i artikkelen, som eg har nytta i teoridelen, at borna blir trygge i naturen og at dei lærer å meistra utfordringane.

4.2.5 Refleksjonar om vatnet i den dramatiske leiken

Det er verdt å stille spørsmål ved: kan eg lese noko fiksjonelt i utforskinga? Det er ikkje noko tydelege roller. Er Kaisa den trygge vaksne? Eller kan ein og tolke ho som ekspedisjonsfører, som tek med seg følgjet ut i eit ukjent terreng? Det er ikkje sikkert dei er i rolla som nokon andre enn seg sjølve, men dei er heilt klart i eit spennande univers. Eg har ikkje stilt spørsmål til denne konkrete situasjonen og fiksjon, men har valt å ha det med fordi det er noko annleis som skjer her, enn det dei kan utforska andre stader. Den vaksne har observert borna si glede i leiken med gjørma, noko som stimulerer ho til å ta dei med på ei ekspedisjon. Fasting har og funne ut at borna lar seg inspirere av leik med vatten, sand og søle. Ho seier vidare at borna fryda seg ved å få leike med dette mediet. Dette har eg og sett ut i frå mitt data materiale. Jentene fekk testa ferdigheitene sine på ein heil annan måte når dei trødde uti gjørma. Dei fekk erfara at dei måtte bruke sine motoriske ferdigheiter på ein annleis måte.

Gjørma vart flittig brukt i «kjøkkenet» og vart brukt som ingrediens til muffins og tryllemat, der Kaisa vart trolla om til både prinsesse og heks. På ein måte så vart gjørma erstatta med ingrediensen mjøl, slik som når jenta fekk gjørma av Nina. Eg trur og at gjørma er litt knytt til at borna ikkje har lov til å leika med dette materialet og difor kan vera spennande å få utforska.

Sanderud og Pedersen har og forska på borna sin uteleik og finn at vatn er ein magnet for borna. Dei seier at bekken svarar på borna sin leik ved å la seg (om)forma. Borna la steinar uti bekken

og då fant vatnet andre vegar. Det er på ein måte bekken sit svar til borna. Det at vatnet er rørsleaktivt, føyeleg og har uforutsigbare eigenskapar, sansast og kan erfarast direkte og kroppslig. Dei seier at vatnet sklir mellom fingrane, kiler mot leggane og iser på huda, samtidig som føtene blir pressa mot steinane. Dei seier og at vatnet møter borna med ulike rørsler og at det skapar ulike variablar (Sanderud & Pedersen, årstall, 2014).

Den bekken som Sanderud og Pedersen har forska på hadde andre kvalitetar enn den vetle elva og gjørmehola som eg har mine data frå. Likevel ser eg likskapar. Bekken deira vart og brukt til å pusse tennene sine i morgon og kveld, dei henta vatn i koppene som dei drakk av. Bekken hadde ulike funksjonar som vert sansa og erfart av borna. Landskapsarkitekten Nebelong, som har utvikla mange leikeplassar og utrom for barnehagar og skular, trekk fram at vatten er eit viktig medium å ha tilgang til. For meg ser det og ut som vatn og gjørma har ei tiltrekkingskraft for borna. Dei går i transport mellom vassblandinga og sølekjøkkenet som har laga seg ved gruva. Gjørma er ein viktig ingrediens til matlaging, støyping og tryllestøv.

4.3 Leik i utrommet

Me er i månadsskiftet februar mars, då B1 er i utrommet. Det er no delvis frose den eine dagen og på dag to er det eit tjukt lag med is på elva. To veker seinare når B2 er på staden er isen smelta og det er mykje vatten i elva. B2 bruker en del tid på å samla vatn og gjørme, der gjørma har samla seg i den eine enden av elva. Eg sit og undrar meg på korleis leiken til B2 ville vore dersom det hadde vore frost slik som det var når B1 var på staden. Været kan inspirere til ulike aktivitetar. Is og snø inviterer til ein anna type leik enn når det er sommar, vår eller haust. Borna let seg inspirera på ulike måtar, alt etter kva årstid det er. Dette observerer både Fasting, Fjørtoft og Loftesnes i si forskning.

Som eg har vore inne på tidlegare er stemmebruk eit tydeleg teikn på at borna går inn og ut av fiksjonen. Når dei er i fiksjon så har dei ei anna dialekt. I artikkelen «Lek for livet» skriv Trude Anette Brendeland blant anna om når dei laga fleire sølekjøkken ute. Der anbefaler ho at det er

rikeleg tilgang til vatn, jord eller sand og konkretar slik at borna kan få ei kjensle av at dei er på eit ordenteleg kjøkken. Ho skriv og at muffinsformer i metall og silikon er heilt supre. Borna må og ha vispar, sleiver med meir (Brendeland, 2015). På denne staden har eg tilført muffinsformer i silikon, bøtter, spadar og auser. Etter å ha tileigna meg denne kunnskapen vil eg fylle på med fleire slike konkretar. Olofsson legg og vekt på at dei ulike årstidene kan vere med på å gje eit rikt utval av råvarer med ulik struktur, form og farge (Olofssen, årstall, s.).

Etter å ha studert empirien min mange gonger ser eg at ulike årstider gjev stimuli til ulike fiksjonar i den dramatiske leiken. I mi forskingsperiode opplevde eg snø, is og smelting av snø og is. Det resulterte i ulik leik. B1 var nede i elva og hadde isfiske, dei utforska gjørma og det tjukke islaget som låg oppå elva. Dei lagde slush. Nye ord vart til *snøkriskras*. B2 utforska vatnet og gjørma til matlaging, støyping og trylleri. Dei var ute og kjente på gjørma med støvlane på og fekk kjenna krafta av gjørma som sugekoppar. Etter mi tolking opplever eg at dei ulike årstidene og været stimulerer borna til ulike leikar.

Under intervjuet kom det fram at borna var i aktivitet heile tida og at vatn var ein viktig del av den dramatiske leiken. I intervju med pedagogisk leiar kom det fram at i B2 har ein bekk i sitt utrom og at det alltid er aktivitet ved vatnet. Det som var nytt for borna i B2 var gjørma. Gjørma fekk ei viktig funksjon inn i den dramatiske leiken. Pedagogisk leiar i B2 fortalte at gjørma var noko dei ikkje hadde så mykje erfaring med. Ho opplevde at konsistensen tiltalte borna og fortalte at borna hadde kommentert maten dei laga, og den likna på det som vart laga på kjøkkenet heime.

Under barnesamtalen fekk eg mellom anna vite at når jentene lagde muffins var dei seg sjølv i leiken. På spørsmål om kvifor dei fekk ein annan dialekt sa dei, «det er fordi me leika». Dermed skapar jentene ei distanse frå seg sjølv ved å snakke ei anna dialekt. Dei er seg sjølv, men dei signaliserer at det er på liksom. Dette med å snakka ei anna dialekt i leiken er også noko som Heggstad har funne i si forskning (Heggstad, 1994; Heggstad & Heggstad, 2022).

5 Avrundning

I denne avhandlinga har eg sett søkjelyset på korleis den dramatiske leiken til dei eldste borna i barnehagen artar seg når dei har leika i eit spesifikk utrom i skogen, der det var tilgang på mykje vatn. Det har vore ei spennande forskning, der eg har lært mykje om meg sjølv som forskar og korleis borna brukar utrommet og konkretane som er der. Å observera borna sin dramatiske leik der eg skulle stilla meg på utsida, viste seg å vera vanskeleg. Hovudpunkta i forskinga var å finna ut korleis borna leikar på denne plassen, og kva innverknad vatnet har på den dramatiske leiken, utan at dei vaksne har regien. Dette fokuset har eg valt på bakgrunn av mi erfaring frå leiken i dette utrommet. Eg har funne lite dramafagleg forskning kring dramatisk leik i utrommet, og har derfor i stor grad nytta teori frå fagfeltet natur, helse og rørsle når eg har diskutert leiken knytt til det romlege.

Dramafagleg litteratur og teori vert nytta til å finne nokre «briller» å studera detaljer i leiken. Viktigheita av å bruka utrommet har vore ei drivkraft gjennom heile forskinga, det å sjå korleis borna utforskar og leikar, utan at det er den vaksne som driv leiken, har vore spennande. Dei vaksne har likevel vore delaktige, hjelparar og støttande i borna sin leik. Den vaksne vert inkludert og invitert med inn i leiken. Noko eg og vart og som eg fann både spennande og interessant.

5.1 Oppsummerande om eg svarar på problemstillinga

Denne forskinga har granska: *Korleis utarta den dramatiske leiken seg for dei eldste borna i barnehagen i eit utrom med tilgang på vatn?* For å finne svar på problemstillinga har eg laga to forskingsspørsmål som sirklar inn ulike fokus:

- 1: I kva grad er elementet vatn med på å påverka den dramatiske leiken?
- 2: Korleis kjem bornas fiksjon til syne i iscenesetjinga?

Analyse knytt til spørsmål 1 viser at vatn i ulike form og spesielt gjørme er ein igangsetjar i leiken, det fordi borna spring alltid ned til brua og sjekkar om dei finn vatn og gjørma. Datamaterialet viser og at borna silte ut vatnet slik at det var att mest gjørma i bøtta. Det eine videoklyppet viser at June snakkar med gjørma, då ho slår hol i islaget og gjørmevatnet sprutar opp. June ser ned i gjørmeholet og seier, «tit, tit». Det er som om ho går inn i ei rolle og ei form for fiksjon, då ho snakka med gjørma. Den dramatiske leiken vert på ein måte sett i gang med gjørma, slik som då Ole fiska og fekk «fisk». I den leiken var han åleine. At det kom eit lag med is på vatnet var med på å stimulera eller setja kreativiteten til Ole i sving. Han fann opp eit nytt ord *snøkriskras*, og June vart stimulert til å lage slush. Då B2 var på staden var all frost smelta og eg kunne sjå at vatn og gjørma vart brukt som eit verkemiddel inn i den dramatiske leiken. Gjørma vart brukt til trollepulver og magi. Samt at borna var på eit kjøkken i den dramatiske leiken. Der produserte borna både mat og drikke. I barnesamtalen spurde eg jentene kven dei var i leiken. Den eine jenta sa at ho var seg sjølv og ei anna, at ho var mamma. Guss har og funne ut at borna ofte er seg sjølv i leiken. Dette har eg skrive om tidlegare.

Å sjå korleis Nina kjende på det sanslege i gjørma var artig. Ho utforska mediet, smurde det på hendene, fjeset og på regnkleda og så brukte ho gjørma som støyp på gruveveggen, (sjå vedlegg bilete). Fleire av teoretikarane mine er og einige i at vatn og gjørme er eit medium som borna aldri blir ferdig med å utforska. Fasting gjorde meg merksam på at borna veit akkurat kor dei skal finna vatn ute på tunet i barnehagen, etter at det har regna. Dette observerte eg og, ved at borna sprang ned til brua når dei kom til utrommet.

Mine observasjonar viste at det ikkje er så mykje som skal til før borna er i ei rolle. Det som fasinerte meg var at både vatn og gjørme stort sett var med som ein igangsetjar, nesten som dei ropte på borna.

Spørsmål 2 hjelpte meg til å bli merksam på rørsle i leiken der ein er i fiksjon, ein bevegar seg mellom fiksjon og kommentarar utanfor fiksjon. Noko som vart synleg er korleis videomateriale gjorde meg merksam på det leikande barnet, som ikkje er så kroppsleg i

uttrykket i leiken. Det vart eg merksam på gjennom nærlesing av videoen, noko eg fann interessant.

Ut ifrå problemstillinga og dei teoretikarane eg har brukt fann eg ut at vatn, gjørma og vinteren spela ei viktig rolle for korleis borna kom i gang med den dramatiske leiken. Gjørma vart aktivt brukt som eit middel som er med på å aktivera kreativiteten. Den dreiv den dramatiske leiken vidare, der borna kan oppleve å vera eit hovud større enn seg sjølv. Slik Vygotskij informera om.

Elementet vatn i ulik form har vore med på å stimulera både til fiksjon og dramatisk leik. Der eg såg at årstidene var med på å påverka innhaldet i den dramatiske leiken.

5.2 Pålitelegheita i studia

I denne studia har eg fått eit innblikk i livsverda til borna som har leika på eit spesifikt utrom. Det har vore ein fram og attende prosess der eg har sett, tolka og sett på nytt for så å tolka enda ein gong. I metodekapittelet mitt kom det fram at å forska innan kvalitativ metode så er forskaren sjølv det viktigaste instrumentet. Det er noko som eg har fått merka meg. Intensjonar eg hadde før eg var ute i felten for å dokumentera måtte justerast når eg var i felten der noko anna oppstod. Eg skulle ikkje vera deltakande i borna sin leik, men når eg vart invitert inn i leiken takka eg ja til invitasjonen.

Har eg formidla denne prosessen på ein truverdig måte? Reliabilitet er eit omgrep eller ein tematikk som kan vera vanskeleg for forskingsaktivitetar som i stor grad er bygd på ein subjektivistisk epistemologi, slik som denne studien. Ein epistemologi kan forklarast som erfaringsbasert kunnskap, dermed blir det ein dialog mellom meg som forskar og mitt innsamla materiale. Med dette meiner eg at empirien er avhengig av meg som instrument. Teorirammene som studiet tek i bruk legg vekt på den subjektive forforståinga. Eg støttar meg her til Nilssen

som seier at all kvalitativ forskning er påverka av forskaren si subjektive, individuelle teoriar. Forskinga vil med dette bera preg av forskaren sin livshistorie, det på bakgrunn av verdiar, haldningar, interesse, behov og miljø (Nilssen 2012, s. 139). Gjennom heila forskinga har eg vore aktivt i interaksjon med forskingsdeltakarane, sjølv om dette var noko eg ikkje på førehand var meg bevisst.

Prosesen har vore ein krevjande, lærerik og vekslende, rørsle heile vegen, slik hermeneutikken så tydeleg skildrar. I periodar har det vore å djupdykk i observasjonane og eg har måtta studera videoklyppa igjen og igjen. Deretter studerte eg kva forskinga til Guss og Heggstad samt Fjørtoft og Fasting har bidrege med og tilført mi forforståing av det eg såg. I desse periodane fekk eg ei forståing av omgrepet til Gadamar 'forståelseshorisont'. Eg har og erfart at prosessen stundom har vore prega av eit steg fram og to attende. Etter å ha pendla fram og tilbake mellom teori og empirien, for så å tolka det eg såg, har eg forsøkt å finne svara på problemområdet mitt.

På grunn av at validiteten valte eg born frå to ulike barnehagar i denne forskinga, på den måten ville eg auka reliabilitet. Borna frå den eine barnehagen kjenner både meg og det spesifikke utrommet godt. Eg valte derfor å inkludera ei gruppe frå ein annan barnehage. Det bidrog til å nyansera studien.

Å tilnærma meg problemstillinga ved å observere korleis borna sin dramatiske leik utarta seg i eit utrom der det var tilgang på vatn i ulike former har vore interessant og spennande. Eg har lete meg inspirera av Fasting og Løndal som har skreve om magien i uteleiken. (Fasting & Løndal, 2016).

5.3 Kritisk merknad til eiga forskning

Ein kritisk refleksjon til eiga forskning er at gjennom justering av problemstilling og forskingsspørsmål fekk eg eit klarare fokus. Denne skjerpinga av fokus på vatn og gjørma, førte

til at eg stramma inn materiale. Denne oppgåva syner fram kunn noko av innsamla materiale. Noko som har fått ein tydeleg mindre plass er funn frå intervju og bornesamtale. Dette nemnast kunn indirekte i den analytiske teksten i kapittel 4. Noko av årsaka til dette kan skuldast at forskingsspørsmåla var knytt til tidlegare problemstilling. Eg er dermed usikker på i kva grad denne forskinga nyttar metode triangulering.

5.4 Studia sin relevans

Å studera den dramatiske leiken i eit spesifikt utrom er eit bidrag til forskingsfeltet fordi det ikkje er gjort så mange studiar av dramatisk leik i utrom med tilgang på vatn. Slik kan denne studien syne fram kor leikande, kroppslege, fantasifulle borna er når dei leiker i eit kupert skogområde og kor viktig mediet vatn i ulike former er for den dramatiske leiken. Verdien av å leike ute er og blitt forsterka i eit smittevern perspektiv (jf. Covid 19-situasjonen). Eit anna perspektiv er at det er særleg viktig å stimulera borna si glede over naturen. Me lever i ei tid der det å lære seg å sette pris på naturen kan vere avgjerande for korleis me som borgarar tar vare på naturen. Klimakrisa og stadige naturkatastrofar er klare signaler om at det trengs handling frå styresmakter, samfunn og på individnivå.

5.5 Vidare forskning

Når denne forskinga no vert avrunda ser eg fram til å følgje med på den vidare utviklinga, korleis forskning på born sin dramatiske leik i utrom kan sei noko om verdien av ta med borna ut i skogen. Kva framtidig forskning vil få auge på, kva dei vil syne fram er avhengig av korleis dei vinklar problemstilling og forskingsspørsmål. Moglege forskingsstiar kan vere:

Den tverrfaglege stien: Ein tverrfagleg studie av (dramatisk) leik i utrommet. Forskarar frå fagområda drama, forming, naturfag og kroppsøving kunne studert leik i eit stadspesifikt utrom over lengre tid. Korleis ville leiken utvikle seg og korleis ville dei ulike fagbrillene forstå leiken og naturen sin påverknad på leiken?

Den samskapande stien: Det kunne vore aktuelt å sette fokus på samskapande praksis mellom borna og pedagogar knytt til interaktive praksisar utrom utanfor barnehagen. Korleis samspelar dei i fiksjon og utanfor fiksjonen på denne staden, og korleis samspelar dei når dei er på barnehagen sitt område?

Ei tredje mogleg sti kunne vore å følgje eitt barn over lengre tid og sjå korleis det leikar i utrommet og om leiken i utrommet blir med inn i den dramatiske leiken inne.

Eg ser fram til å utforska nye stiar.

Litteraturliste/kjelder

- Bagøien, T. E. (red.) (2003). *Barn i friluft. Om verdifullt friluftsliv*. (2. utgave). Sebu forlag.
- Bagøien T. E. & Storli, R. (2016). *Lag en naturlekeklass – barnehage og skole*. 2. utgave. Gyldendal akademisk.
- Braanaas, N. (2008). *Dramapedagogisk historie og teori*. 5. utgave. Tapir akademisk forlag.
- Brendeland, T. A. (2015). Lek for livet. *Barnehageforum*. Publisert 10. feb. 2015.
- Buaas, E. H. (2016). *Med himmelen som tak. Barns skapende lek utendørs*. 3. utgave. Universitetsforlaget.
- Bukve, O. (2016). *Forstå, forklare, forandre. Om design av samfunnsvitenskaplige forskningsprosjekt*. Universitetsforlaget.
- Eide, B., J. & Winger, N. (2021). *Fra barns synsvinkel. Intervju med barn – metodiske og etiske refleksjoner*. Opplag 7. Cappelen akademiske forlag.
- Egidius, H. (2000). *Psykologisk leksikon*. Aschehoug forlag.
- Fasting, M. L. (2017a). *Barns utelek*. Universitetsforlaget.
- Fasting, M. L. (2016). Barn som mestrer naturen, er tryggere. *Første steg, Nr. 3*, 2016.
- Fjørtoft, I. & Reiten, T. (2003). *Barn og unges relasjoner til natur og friluftsliv. En kunnskapsoversikt*. Høgskolen i Telemark.
- Gjervan, E. K. (2013). Lekens dramaturgi – nye muligheter for barneteateret? *Nordic Early Childhood. Tidsskrift for nordisk barnahageforskning*. publisert 30.mai 2013.
- Gjærum, R. G. & Rasmussen, B. (red) (2012). *Forestilling, framføring, forskning. Metodologi i anvendt teaterforskning*. Akademika forlag.
- Gladstø, S., Gjervan, E. K., Hovik, L. & Skagen, A., B. (2015). *Dramaturgi. Forestillinger om teater*. Universitetsforlaget.
- Guss, F. G. (2015). *Barnekulturens iscenesettelser I. Lekens dynamiske verdener*. Cappelen Damm akademisk.
- Guss, F. G. (2018). *Barnekulturens iscenesettelser II. Dramaturgiske spiraler*. Cappelen Damm akademisk.
- Heggstad, K. M. (2012a). *Syv veier til drama. Grunnbok i dramapedagogikk for lærere i barnehage og skole*. 3. utgave. Fagbokforlaget.
- Heggstad, K. M. (2012b). Om å fastholde det flyktige – om videoobservasjon i drama-/teaterforskning. I G. R. Gjærum & B. Rasmussen (red), *Forestilling, framføring, forskning. Metodologi i anvendt teaterforskning* (s.231-247). Akademika forlag.
- Heggstad, K. M. & Heggstad, K. (2022). *Syv veier til drama. Grunnbok i dramapedagogikk for lærere i barnehage og skole*. 4. utgave. Fagbokforlaget.

- Heggstad, K., M., Rasmussen, Gjørum, R., G. (red.), (2017). *Drama, teater og demokrati. Antologi II: i kultur og samfunn*. Fagbokforlaget.
- Heggstad, K. M., Trageton, A. & Knudsen, I. (1994). *Fokus på lek*. Fagbokforlaget.
- Johansson, K. (2017). Mellom hermeneutikk og fenomenologi - et essay i vitenskapsteori. *Norsk forening i musikkteori*. [Mellom hermeneutikk og fenomenologi - et essay i vitenskapsteori — Norsk forening for musikkterapi](#)
- Jørgensen, K- A. (2016) - Naturen åpner for mange muligheter for lek og læring. *Barnehage.no*. [– Naturen åpner for mange muligheter for lek og læring \(barnehage.no\)](#)
- Kvale, S. Og Brinkmann, S. (2015) *Det kvalitative – intervju*. Gyldendal akademisk.
- Lillevedt, A-B. U. & Myklebust, S.T. (2017). Stemmer fra innvandrerkvinner. I K. M. Heggstad, B. Rasmussen & R. G. Gjørum (red.), *Drama, teater og demokrati. Antologi II: I kultur og samfunn*, (S. 83-96). Fagbokforlaget.
- Loftesnes, J. M. (1998). *På naturlekeplassen*. Sebu forlag.
- Louv, R. (2008). *Last child in the wood*. Algonquin Paperbacks.
- Lysklett, O. B. (2013). *Ute hele uka. Natur– og friluftsbarnhagen*. Universitetsforlaget.
- Løndal, K. & Fasting, M. L. (2016). Magien i utetiden. *Barndom i barnehagen: Læring* (s.95-116). Cappelen Damm Akademisk.
- Nebbelong, H. (2015). Barn har rett til å bli skitne. *Barnehage.no* publisert 20.11.2015. [– Barn har rett til å bli skitne \(barnehage.no\)](#)
- Nilssen, V. (2014). *Analyse i kvalitative studier. Den skrivende forskeren*. Universitetsforlaget.
- Nyeng, F. (2017). *Hva annet er også sant? En innføring i vitenskapsfilosofi*. Fagbokforlaget.
- Næss, H. E. & Pettersen, L. (red.). (2017). *Metodebok for kreative fag*. Universitetsforlaget.
- Olaussen, I. O. (2014). Den kreative barnehagelæreren i uterommet. I M, Sæther & T. L. Hagen (red.), (2014). *Kreativ ute. Barnehagepedagogikk med uterommet som læringsarena* (s.210-222). Fagbokforlaget.
- Olofsson, B. K. (2004). *Lek for livet: Observasjoner og forskning om barns lek*. 5 opplag. Synthia.
- Paulsen, B. P (1999). *Det skjønne*. Ad Notam Gyldendal.
- Postholm, M. (2010). *Kvalitativ metode: En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. Universitetsforlaget.
- Postholm, M. & Jakobsen, D. I. (2016). *Læreren med forskerblick. Innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Cappelen Damm akademisk.
- Postholm, M. & Jakobsen, D. I. (2018). *Forskningsmetode for masterstudenter i lærerutdanning*. Cappelen Damm akademisk.

- Sanderud, J. & Pedersen, G. K. P. (2014, 13. mai). Derfor må barn leke i naturen, *blogg.forskning.no*.
[Derfor må barn leke i naturen \(forskning.no\)](#)
- Sander, K. (2022, 233. mai). *Hermeneutiske spiral*. *E-studie.no*. [Hermeneutiske spiral - eStudie.no](#)
- Stangeland, T. (2017). Utforskende teater i barnehagen. En vei til medskapning. I A. B. Sæbø, S. A. Eriksson & T-H. Allern (red.), *Drama, teater og demokrati. Antologi I: i barnehage, skole, museum og høyere utdanning* (s. 79-92). Fagbokforlaget.
- Strandberg, L. (2015). *Vygotskij, barna og den lange læringsreisen*. Cappelen Damm akademisk.
- Sæbø, A. B. (2010). *Drama i barnehagen*. 3 utg. Universitetsforlaget.
- Sæbø, A. B., Eriksson, S. A. og Allern, T. (red.). (2017). *Drama, teater og demokrati. Antologi I: i barnehage, skole, museum og høyere utdanning*. Fagbokforlaget.
- Sæbø, A. B., Flugstad, P. (2014). *Drama i barnehagen, Veiledningsbok i drama for barnehagepersonell*. Tango.
- Sæther, M. Og Hagen, T. L. (red.). (2014). *Kreativ ute. Barnehagepedagogikk med uterommet som læringsarena*. Fagbokforlaget.
- Thoresen, E. (2019). Virker du? – den lekende pedagogen. I I-L- Møen & E. Thoresen (red.), *Kunstpedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen* (s. 30-44). Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplanen for barnehagen: forskrift for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir. <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf>
- Öhman, M. (2012). *Det viktigste er å få leke*. Pedagogisk forum.
- Wolf, K. D. (2014). *Små barns lek og samspill i barnehagen*. Universitetsforlaget.
- Wolf, K. D. (2017). *Medvirkning til barns spontane lek i barnehagen*. Universitetsforlaget.